



Bygland kommune

Med hjarta i Bygland

ÅRSMELDING

2024



KOMMUNEDIREKTØREN HAR ORDET

Forordet til denne årsmeldinga vert skriven av ein konstituert kommunedirektør som har fungert nokre få månadar. Heldigvis er kommunedirektørrolla mykje meir enn berre den eine personen. Det handlar mest om samarbeid og samhandling mellom dyktige medarbeidarar.



Konst. kommunedirektør,
Aslak Jørundland Brekke

Året som har gått, har på mange måtar vore krevjande for ein liten organisasjon. Medarbeidarar har slutta, og det har vore sjukmeldingar og uro etter omstilling. Bygland kommune er ein liten og sårbar organisasjon. Gjennom 2024 har vi hatt vakansar i stillingar som har ført til lengre sakshandsaming og i nokre tilfelle dårlegare tenester ut til innbyggjarane våre. Det er svært beklageleg. Som liten distriktskommune kjenner vi òg på utfordringar med å rekruttere rett personell til fagspesifikke stillingar. Dette er vi ikkje åleine om, mange små generalistkommunar har gjennom åra fått fleire og fleire oppgåver overført frå staten samstundes med at lovkrav, rapportar og anna har auka dramatisk. Omorganiseringa som vi har vore gjennom, har forsøkt å ta høgde for dette. Tida vil vise om vi lukkast.

2024 har òg vore eit år i omstilling for kommunen som organisasjon. Slike prosessar er alltid krevjande. Inngangen til IKT Agder og omlegginga til nytt ERP- og økonomisystem har gitt mykje ekstra arbeid for både administrasjon og leiarar ute i kommunalområda. Det er gjort ein solid jobb her, og ein ser allereie no effektane av eit nytt og meir moderne system. Det vil mellom anna bli lettare å få ut relevante statistikkar og nøkkeltal på drifta fortløpande. Dette kan utnyttast til betre styring og forståing for kva tiltak ein treng for å utvikla tenestene. Samstundes som ein har innført nye system, er òg arbeidet med å byggja ny organisasjonsstruktur slutført i 2023. Pleie og omsorg er slått saman med helse, drift og forvaltning er slått saman med tidlegare plan og utvikling til kommunalområde samfunn, og vi har landa prosjekt oppvekst i ein oppvekstsektor i Bygland. Det betyr at vi frå 2024 har tre operative kommunalområde i kommunen, i tillegg til kommunalområda på økonomi og administrasjon og organisasjon og HR. Det er mi vurdering at dette er ei organisering som i større grad gjer oss rusta til å møte behovet for samhandling på tvers, både internt og eksternt med gode samarbeidspartnarar. I tida framover må ny organisering få tid til å feste seg. Tilsette må få rom til å bli kjende med nye roller, og rutinar og kultur skal byggjast i nye kommunalområde slik at vi held fram med å levere gode tenester framover.

Kommunen er framleis svært sårbar med omsyn til enkelte personalgrupper og fagområde. Spesielt innanfor helse og oppvekst, samt sentrale stillingar i staben. Det er som nemnt over gjort organisatoriske grep internt, men det er framleis eit sterkt behov for å tenkja meir heilskapleg samarbeid på tvers av kommunegrensene på fleire område for å sikra robustheit og kraft til å møte dei auka krava til tenestene framover. Dette må i størst mogleg grad gjerast i faste føreseielege blokk samarbeid, slik Generalistkommuneutvalet tilrår. Held vi fram som i dag, vil vi risikere større og mindre kollapsar innanfor både tenestemråde og personellkategoriar i åra som kjem.

Også innanfor Samfunn er kommunen sårbar for fråvær. Med ei stor portefølje av investeringsprosjekt på toppen av dei ordinære oppgåvene, toler ikkje kommunen mykje fråvær på dette området før ein hamnar på etterskot i arbeidet med desse prosjekta. I 2024 er det 20 investeringsprosjekt det er ført utgifter på, på totalt nesten 8,7 mill., i tillegg til fleire prosjekt som er ført i driftsrekneskapen. Det er berre eitt investeringsprosjekt som passerer millionen i utgifter, og det var investeringa i Kallhovd Sveis sitt industribygg på Byglandsfjord, som kom på dryge 3,7 mill. Dette prosjektet er ein viktig del av ei auka satsing på, og utvikling av, Byglandsfjord som tettstad. Med desse investeringane auka ordinær langsiktig gjeld med om lag 1,7 mill., men kommunen sitt gjeldsnivå ligg framleis betydeleg under det vedtekne makstaket.

Etter nokre relativt gode økonomiske år med høge straumprisar og gode overføringar frå staten er vi no inne i ei tid der inntektene ser ut til å gå nedover, samstundes med at utgiftene aukar. I 2024 blei det rett nok eit positivt netto driftsresultat på 5,8 mill., men utan ekstraordinært utbytte frå Å Energi (8 mill.) mot slutten av året, ville det blitt eit underskot på 2,2 mill. Prognosane i økonomiplanen viser at kommunen må kutte ned på driftsbudsjetta i åra framover. Dette vil vere ein utfordring som krev tett og godt samarbeid mellom administrasjon og politikarar. Det vil mellom anna krevje at ein ser på struktur, stillingar og alt som ikkje er lovpålagt. Alternativet er at ein finn måtar å auka inntektene.

Samstundes er det fleire ting å gle seg over i Bygland kommune. I 2024 vart det tilsett ein moglegheitsutviklar i Bygg Bygland, og dermed er det nasjonale omstillingsprogrammet til Innovasjon Noreg i gang i Bygland. Dette blir viktig i forhold til utvikling framover. Programmet vil i dei neste seks åra sikre både finansiering og kompetanse til å byggja vidare utviklingsemne og utviklingskultur. Målet er at dette på sikt skal gi fleire innbyggjarar og eit sterkare næringsliv.

Det bør òg nemnast at integrering av flyktningar (Ukraina) har gått bra. Utfordringa er mest i forhold til å finne arbeid. Kommunen har i samarbeid starta eit prosjekt der så mange som elleve stykk får arbeid i ulike delar av den kommunale organisasjonen for å få arbeids- og språkerfaring. Dette arbeidet starta i slutten av 2024 og vil halde fram i store delar av 2025.

Avslutningsvis er det viktig å få fram at det blir jobba godt i alle kommunalområda. Medarbeidarundersøkinga gav oss gode resultat for dedikerte medarbeidarar som bryr seg om samfunnsoppdraget sitt. Våre tilsette er utan tvil den viktigaste ressursen vår, og dei står på kvar dag for å gjera livet så godt som mogleg for innbyggjarane våre. Det er eit felles ansvar politisk og administrativt å sikre rammar for at det skal bli slik i framtida.

Aslak Jørundland Brekke

Konstituert kommunedirektør



INNHALD

Årsberetning..... 5

1.1 Økonomisk oversikt etter art – drift6

1.2 Bevillingsoversikt drift9

1.3 Bevillingsoversikt drift, til fordeling12

1.4 Bevillingsoversikt investering21

1.5 Bevillingsoversikt investering, til fordeling23

1.6 Balanserekneskap26

1.7 KOSTRA: Finansielle nøkkeltal, analyse og prognose29

1.8 Det kommunale næringsfond.....31


1.9 Organisering, likestilling og personale33

1.10 Interkommunale samarbeid36

1.11 Etisk standard og internkontroll37


1.12 Befolkningsutvikling.....39

1.13 KOSTRA: Andre nøkkeltal.....40



ÅRSMELDING

Årsberetninga er utarbeida i tråd med § 14-7 i kommunelova, og gir ein kort presentasjon av kommunen sine økonomiske nøkkeltal og ei analyse av kommunen si finansielle stilling ved årsskiftet. I delkapittel 1.1 vert mellom anna kommunen sitt rekneskapsmessige resultat kommentert. Delkapittel 1.2 til 1.5 tek sikte på å kommentere og grunngje dei mest vesentlege budsjettavvika i drifts- og investeringsrekneskapen, medan 1.6 tek for seg kommunen sine eigendeler, eigenkapital og gjeld. For innhald elles, viser ein til innhaldslista ovanfor.



1.1 Økonomisk oversikt etter art – drift

	Note	Rekneskap 2024	Regulert Budsjett '24	Opphavelg Budsjett '24	Rekneskap 2023
1 Rammetilskot		-73 971 974	-75 437 000	-75 437 000	-70 904 754
2 Inntekts- og formuesskatt		-35 279 115	-32 578 000	-32 178 000	-31 485 948
3 Eigedomsskatt		-10 589 302	-10 590 000	-10 300 000	-11 125 420
4 Andre skatteinntekter		-7 224 508	-7 400 000	-7 200 000	-6 910 015
5 Andre overføringer og tilskot frå staten		-11 580 347	-3 799 000	-3 749 000	-13 416 631
6 Overføringer og tilskot frå andre		-44 898 012	-32 895 000	-31 645 000	-65 115 174
7 Brukarbetalingar		-4 116 200	-4 500 000	-4 500 000	-4 837 208
8 Sals- og leigeinntekter		-16 904 241	-16 315 000	-15 235 000	-14 384 287
9 Sum driftsinntekter		-204 563 700	-183 514 000	-180 244 000	-218 179 438
10 Lønnsutgifter		105 044 170	97 542 000	93 592 000	94 886 649
11 Sosiale utgifter		25 074 600	21 228 000	24 228 000	22 047 982
12 Kjøp av varer og tenester		65 500 535	59 180 000	55 860 000	59 573 762
13 Overføringer og tilskot til andre		13 804 027	11 303 000	10 353 000	23 342 218
14 Avskrivningar	4	9 839 412	9 300 000	9 300 000	9 464 735
15 Sum driftsutgifter		219 262 744	198 553 000	193 333 000	209 315 346
16 Brutto driftsresultat		14 699 044	15 039 000	13 089 000	-8 864 092
17 Renteinntekter		-3 707 407	-2 580 000	-2 180 000	-2 606 780
18 Utbytte		-20 721 177	-12 694 000	-12 694 000	-16 786 183
19 Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar		0	0	0	0
20 Renteutgifter		7 267 329	6 995 000	6 995 000	6 399 598
21 Avdrag på lån	7	6 506 281	5 990 000	6 190 000	7 148 522
22 Netto finansutgifter		-10 654 975	-2 289 000	-1 689 000	-5 844 843
23 Motpost avskrivningar		-9 839 412	-9 300 000	-9 300 000	-9 464 735
24 Netto driftsresultat		-5 795 343	3 450 000	2 100 000	-24 173 670
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
25 Overføring til investering		0	0	0	4 155 813
26 Avsetningar til bundne driftsfond	10	5 396 796	3 867 000	3 867 000	5 943 758
27 Bruk av bundne driftsfond	10	-6 043 715	-5 023 000	-5 023 000	-5 796 242
28 Avsetningar til disposisjonsfond		6 442 263	0	150 000	19 870 341
29 Bruk av disposisjonsfond		0	-2 294 000	-1 094 000	0
30 Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		5 795 343	-3 450 000	-2 100 000	24 173 670
31		0	0	0	0
32 Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er det same som rekneskapsmessig mindreforbruk *før* disponeringar av både ubundne og bundne fond. Netto driftsresultat er kr 5.795.343, tilsvarende 2,8 % av brutto driftsinntekter. Statleg tilråding er at dette talet burde vere kr 3.579.865, tilsvarende 1,75 %, som vil seie at kommunen ligg over anbefalt nivå i 2024. Med unntak av 2023, har kommunen dei siste åra hatt resultat under 1,75 %, og i tillegg eit negativt resultat i 2019, så dei gode resultata i spesielt 2023, men også 2024, er med på å vege opp for dei åra kor kommunen har hatt dårlegare økonomiske resultat enn anbefalt.

Rekneskapsmessig resultat

Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 5.031.789, før strykningar. Dette er å rekne som det rekneskapsmessige resultatet til kommunen. Mindreforbruk etter strykningar svarar til 2.737.789. Dette talet kjem fram etter det er gjennomført strykningar jf. § 4-3 i økonomiforskrifta til kommunelova, som lyder som følger:

Hvis driftsregnskapet viser et mindreforbruk etter at disposisjonene i § 4-1 er gjennomført, skal mindreforbruket reduseres så mye som mulig ved å stryke bruk av disposisjonsfond.

Hvis regnskapet fortsatt viser et mindreforbruk etter strykningene, skal mindreforbruket dekke inn eventuelle tidligere års merforbruk. Et mindreforbruk som ikke dekker inn et merforbruk skal avsettes til disposisjonsfond.

Første avsnitt betyr at budsjettert bruk av disposisjonsfond, også øyremerka disposisjonsfond, skal strykast. I 2024 ville kommunen lagt opp til bruk av disposisjonsfond på kr 2.294.000, viss mindreforbruket hadde blitt som budsjettert (kr 0). I staden viste det seg at mindreforbruk før strykningar var på kr 5.031.789. Då følgjer det av første avsnitt i § 4-3 (ovanfor) at «mindreforbruket [skal] reduseres så mye som mulig ved å stryke bruk av disposisjonsfond». Dette inneberer at budsjettert bruk av ordinært disposisjonsfond, flyktningefond og bygdebokfond blir stroke. I tillegg til strykningane, så blei avsetning til disposisjonsfond etter delegert fullmakt kr 3.704.473 høgare enn budsjettert. Dette gjeld i første rekke flyktningefondet.

Avsetning til disposisjonsfond blei på totalt kr 6.442.263. Dette består av avsetning til flyktningefond for Ukraina-flyktningane på kr 3.704.473, og avsetninga av mindreforbruket etter strykningar på kr 2.737.789, til ordinært disposisjonsfond. Etter dette har ein gjort interne justeringar mellom dei ulike disposisjonsfonda slik at saldo for fonda samsvarar med kva som er reelt til overs etter kostnadane som har vore på desse områda i 2024.

Stor auke i utgiftene, framleis høge inntekter

Samla inntekter inkl. renteinntekter og utbytte var på om lag 229 mill. i 2024. Tilsvarende tal for 2023 var snaue 238 mill., medan i 2022 var det berre 194 mill., som var eit meir «normalt» år med omsyn til nivået på inntektene. I 2021, som var eit låginntektsår, var samla inntekter 166 mill. Kommunen sine totale inntekter har med andre ord variert med eit intervall på 72 mill. berre frå 2021 til 2023. Det svarar til ei auke på 43 prosent. I same periode (2021 til 2023) er den overordna kostnadsveksten i kommunal sektor (deflator) på 14 prosent.

Samla utgifter inkl. renteutgifter (ekskl. avdragsutgifter, sidan det i 2022 og 2023 blei betalt meir i avdrag enn minimumsavdrag, som gjer at desse åra ikkje kan direkte samanliknast med 2024) var 159 mill. i 2021, 184 mill. i 2022, 206 mill. i 2023 og 217 mill. i 2024. Utgiftene har auka med nesten 37 prosent frå 2021 til 2024. Ordinær kostnadsvekst i kommunal sektor i same periode (2021 til 2024) var på 19 prosent. Kommunen har med andre ord hatt ei utgiftsauke som er 18 prosent høgare enn «normalen» i denne perioden. Kommunen sine lønnsutgifter har i same periode auka med 27 %, medan lønnsveksten var tilnærma lik kostnadsveksten, på dryge 19 prosent. Kommunen har hatt 8 prosentpoeng høgare lønnsvekst frå 2021 til 2024 enn «normalen» i kommunal sektor.

Ekstraordinært utbytte frå Å Energi sørger for overskot

Som nemnt i avsnittet om netto driftsresultat, har kommunen eit positivt netto driftsresultat (overskot) på nesten 5,8 mill. Det var budsjettert med eit negativt netto driftsresultat (underskot) på 3,45 mill. i regulert budsjett. Faktisk netto driftsresultat har med andre ord blitt over 9,2 mill. høgare (betre) enn budsjettert. Hovudårsaka til dette er at kommunen fekk utbetalt om lag 8 mill. i ekstraordinært utbytte frå Å Energi, samt dryge 0,9 mill. i ekstra auke av rammetilskotet frå staten. Begge desse endringane blei kjent først etter siste budsjettjustering.

Om ein ser bort frå desse ekstraordinære tilleggsløyvingane, ville kommunen fått eit underskot på om lag 3,1 mill., som er vesentleg nærmare det budsjetterte underskotet. Det er uansett bekymringsfullt at kommunen treng såpass høge inntekter for å få rekneskapen i balanse. Samla inntekter i 2024 er om lag 35 mill. høgare enn i 2022, og 63 mill. høgare enn i 2021. Ein må rekne med at inntektene blir lågare frå 2026 og utover, om enn ikkje så låge som i 2021, men 2022-nivået kan vere eit realistisk framtidsscenario.

Utover dette viser ein til dei kommentarane som er gjort under rekneskapsskjema:

- § 5-4, 1 Bevillingsoversikt drift, delkapittel 1.2
- § 5.4, 2 Bevillingsoversikt drift, til fordeling (budsjettområder), delkapittel 1.3
- § 5-5, 1 Bevillingsoversikt investering, delkapittel 1.4
- § 5-5, 2 Bevillingsoversikt investering, til fordeling (investeringsprosjekt), delkapittel 1.5
- § 5-6, Økonomisk oversikt drift, delkapittel 1.1
- § 5-8, Balanserekneskapen, delkapittel 1.6

Paragrafane viser til økonomiforskrifta til kommunelova.



1.2 Bevilgingsoversikt drift

	Note	Rekneskap 2024	Regulert budsjett '24	Opphavelg budsjett '24	Rekneskap 2023
1 Rammetilskot		-73 971 974	-75 437 000	-75 437 000	-70 904 754
2 Inntekts- og formuesskatt		-35 279 115	-32 578 000	-32 178 000	-31 485 948
3 Eigedomsskatt		-10 589 302	-10 590 000	-10 300 000	-11 125 420
4 Andre generelle driftsinntekter		-7 565 822	-7 700 000	-7 450 000	-7 215 346
5 Sum generelle driftsinntekter		-127 406 213	-126 305 000	-125 365 000	-120 731 468
6 Sum bevilgingar drift, netto		132 152 698	132 039 000	129 149 000	102 403 912
7 Avskrivningar	4	9 839 412	9 300 000	9 300 000	9 464 735
8 Sum netto driftsutgifter		141 992 110	141 339 000	138 449 000	111 868 647
9 Brutto driftsresultat		14 585 897	15 034 000	13 084 000	-8 862 821
10 Renteinntekter		-3 576 358	-2 580 000	-2 180 000	-2 606 134
11 Utbytte		-20 721 177	-12 694 000	-12 694 000	-16 786 183
12 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar		0	0	0	0
13 Renteutgifter		7 249 426	7 000 000	7 000 000	6 397 682
14 Avdrag på lån	7	6 506 281	5 990 000	6 190 000	7 148 522
15 Netto finansutgifter		-10 541 828	-2 284 000	-1 684 000	-5 846 114
16 Motpost avskrivningar		-9 839 412	-9 300 000	-9 300 000	-9 464 735
17 Netto driftsresultat		-5 795 343	3 450 000	2 100 000	-24 173 670
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
18 Overføring til investering		0	0	0	4 155 813
19 Avsetningar til bundne driftsfond	10	5 396 796	3 867 000	3 867 000	5 943 758
20 Bruk av bundne driftsfond	10	-6 043 715	-5 023 000	-5 023 000	-5 796 242
21 Avsetningar til disposisjonsfond		6 442 263	0	150 000	19 870 341
22 Bruk av disposisjonsfond		0	-2 294 000	-1 094 000	0
23 Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0
24 Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat		5 795 343	-3 450 000	-2 100 000	24 173 670
25 Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0

Generelle (frie) driftsinntekter

For å vise dette er dei ulike inntektene ført opp med budsjett for 2024 og rekneskapstal for 2024 og 2023.

	Note	Rekneskap 2024	Regulert budsjett '24	Opphavelg budsjett '24	Rekneskap 2023
1		-73 971 974	-75 437 000	-75 437 000	-70 904 754
2		-35 279 115	-32 578 000	-32 178 000	-31 485 948
3		-10 589 302	-10 590 000	-10 300 000	-11 125 420
4		-7 565 822	-7 700 000	-7 450 000	-7 215 346
5	Sum generelle driftsinntekter	-127 406 213	-126 305 000	-125 365 000	-120 731 468

Summen av frie inntekter er budsjettert med kr 126.305.000. Rekneskapen viser at disse inntektene blei kr 127.406.213, altså 0,9 % meir enn budsjettert og 5,53 % meir enn i 2023. Kommunen bruker KS sin prognosemodell som beste estimat for rammetilskot og inntekts- og formuesskatten. Siste estimering blei gjort i september og viss det skjer store endringar i premissane for modellen den siste perioden av året, for eksempel ved at skatteveksten tar seg betydeleg opp samanlikna med tidlegare i året, kan det bli budsjettavvik. I 2024 fekk alle kommunane ein generell kompensasjon på 4,3 mrd. totalt grunna prognoser om at mange kommunar hadde store problem med å få økonomien i balanse i 2024. For Bygland sin del utgjorde dette litt over kr 900.000. Dette blei kjent etter budsjettet blei justert siste gong, og er hovudårsaka til at dei generelle driftsinntektene er ein dryg million høgare enn budsjettert.

Eigedomsskatteinntektene er som budsjettert. Under «andre direkte eller indirekte skattar» inngår konsesjonsavgiftene, som i sin heilskap blir sett av til næringsfondet, og naturressursskatten, som er ein del av inntektsutjamninga saman med dei ordinære skatteinntektene. Desse inntektene blei litt lågare enn dei budsjetterte tala. Totalt sett så kan ein slå fast at generelle driftsinntekter blei rundt 1,1 mill. høgare enn budsjettert.

Finansinntekter/ -utgifter

	Note	Rekneskap 2024	Regulert budsjett '24	Opphavelg budsjett '24	Rekneskap 2023
10		-3 576 358	-2 580 000	-2 180 000	-2 606 134
11		-20 721 177	-12 694 000	-12 694 000	-16 786 183
12		0	0	0	0
13		7 249 426	7 000 000	7 000 000	6 397 682
14	7	6 506 281	5 990 000	6 190 000	7 148 522
15	Netto finansutgifter/-inntekter	-10 541 828	-2 284 000	-1 684 000	-5 846 114

Netto finansutgifter (positivt forteikn i tabellen over indikerer utgift, negativt er lik inntekt) blei på 461,55 % av dei budsjetterte tala. Renteinntektene blei nesten 39 %, tilnærma 1 mill., høgare enn budsjettert. Dette skuldast «forsiktig» budsjettering, betydeleg auke i likvide midlar i løpet av året, og at kommunen ikkje har noko godt prognoseverktøy på renteinntekter. Utbytte inkluderer berre utbytte frå Å Energi i 2024 og 2023. Ein gjer merksam på at den betydelege auka i utbytte frå Å Energi, frå 16,8 mill. til 20,7 mill., er hovudårsaken til at kommunen sine netto finansinntekter er om lag 4,7 mill. høgare enn i 2023, då kommunen hadde ei nettoinntekt på 5,8 mill. Likviditetsauka gjer at renteinntektene faktisk aukar meir enn renteutgiftene frå 2023 til 2024.

Disponering av netto driftsresultat

	Note	Rekneskap 2024	Regulert budsjett '24	Opphavelg budsjett '24	Rekneskap 2023
18 Overføring til investering		0	0	0	4 155 813
19 Avsetningar til bundne driftsfond	10	5 396 796	3 867 000	3 867 000	5 943 758
20 Bruk av bundne driftsfond	10	-6 043 715	-5 023 000	-5 023 000	-5 796 242
21 Avsetningar til disposisjonsfond		6 442 263	0	150 000	19 870 341
22 Bruk av disposisjonsfond		0	-2 294 000	-1 094 000	0
23 Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0

Negativt beløp i tabellen indikerer netto bruk av fond, medan positivt beløp er lik avsetning til fond. Budsjettavviket på avsetning til disposisjonsfond skuldast primært mindreforbruk etter strykningar på 2,7 mill., samt ei avsetning av ubudsjettet integreringstilskot til flyktningefondet på 3,7 mill. Bruk av disposisjonsfond er 0 grunna strykningsbestemmingane.

Avsetning til bundne driftsfond er betydeleg høgare enn budsjettet, primært grunna høgare avsetning til næringsfondet. Renteinntektene frå næringsfondet blir i sin heilskap sett av til næringsfondet, og dette utgjorde over 0,9 mill. i 2024. Samla avsetning til næringsfondet utgjorde dryge 4,7 mill., medan det berre var budsjettet med 3,7 mill. Bruk av bundne fond var på rundt 6 mill., som er over 1 mill. høgare enn budsjettet. Overskridinga er nesten utelukkande relatert til bruk av restmidlar frå 2023 til å finansiere omstillingsprosjektet i 2024.



1.3 Bevillingsoversikt drift, til fordeling

Tabellen under viser rekneskap og budsjett per driftseining (budsjettområde).

	Rekneskap 2024	Regulert budsjett '24	Opphavelag budsjett '24	Rekneskap 2023
Bevilling drift, netto budsjettområde 10 Politisk styring og kontroll	2 982 364	3 142 000	2 622 000	3 026 928
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 10 Politisk styring og kontroll	2 982 364	3 142 000	2 622 000	3 026 928
Bevilling drift, netto budsjettområde 20 Stab og fellesutgifter	15 875 533	13 074 000	12 796 000	11 359 172
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-1 078 044	-50 000	-50 000	1 351 370
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 20 Stab og fellesutgifter	14 797 489	13 024 000	12 746 000	12 710 541
Bevilling drift, netto budsjettområde 30 Oppvekst	38 853 799	37 659 000	34 564 000	31 883 417
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	72 263			1 463
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-524 000	-524 000	-524 000	
Sum budsjettområde 30 Oppvekst	38 402 061	37 135 000	34 040 000	31 884 880
Bevilling drift, netto budsjettområde 33 Helse og omsorg	45 276 401	49 460 000	46 677 000	43 445 211
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	13 894			-8 895
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	3 695 674	-20 000	-20 000	3 220 150
Sum budsjettområde 33 Helse og omsorg	48 985 969	49 440 000	46 657 000	46 656 466
Bevilling drift, netto budsjettområde 35 Samfunn	27 927 555	28 558 000	29 264 000	31 044 842
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-208 179	-334 000	-334 000	-487 298
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-446 492	-550 000	-550 000	
Sum budsjettområde 35 Samfunn	27 272 885	27 674 000	28 380 000	30 557 544
Bevilling drift, netto budsjettområde 80 Eksterne samarbeid	27 281 017	26 912 000	23 912 000	22 233 616
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-61 226	-300 000	-300 000	-207 625
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 80 Eksterne samarbeid	27 219 792	26 612 000	23 612 000	22 025 991
Bevilling drift, netto budsjettomr. 90 Andre sentrale innt. og kostn.	-26 043 971	-26 766 000	-20 686 000	-40 589 274
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-73 000	-132 000	-132 000	-742 063
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	979 291		150 000	13 581 797
Sum budsjettområde 90 Andre sentrale inntekter og kostnader	-25 137 680	-26 898 000	-20 668 000	-27 749 540
Sum bevillingar drift netto	132 152 698	132 039 000	129 149 000	102 403 912
Sum overføring til investering	0	0	0	0
Sum netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-1 334 292	-816 000	-816 000	-93 048
Sum netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	3 704 473	-1 094 000	-944 000	16 801 947
Sum budsjettområda	134 522 879	130 129 000	127 389 000	119 112 811

Overordna kommentar

Oversikta over er tatt frå avstemmingssystemet som vert nytta i samband med avslutning av rekneskapen og viser avvik mellom budsjett og rekneskap per eining. Einingane har styrt etter budsjettala «Sum budsjettområde» gjennom året, men ein er og pliktig å rapportere på talet «Bevilling drift, netto».

Budsjettområda har samla sett eit forbruk på 103,38 % av budsjett («Sum budsjettområda» ovanfor). Kommenterar til dei enkelte budsjettområda følgjer i dei neste avsnitta. Ein gjer også merksam på at nokre av budsjettområda har blitt betydeleg justert i løpet av året, både oppover og nedover. Desse endringane har blitt kommentert i tertialrapportane og 3. budsjettjustering, og vil ikkje bli kommentert ytterlegare i årsmeldinga.

Politisk styring og kontroll

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2024:

	Rekneskap 2024	Regulert budsjett	Opphaveleg budsjett	Rekneskap 2023	Forbr. % 2024
Bevilling drift, netto budsjettområde 10 Politisk styring og kontroll	2 982 364	3 142 000	2 622 000	3 026 928	94,92 %
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond					
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond					
Sum budsjettområde 10 Politisk styring og kontroll	2 982 364	3 142 000	2 622 000	3 026 928	94,92 %

Kommentar:

Det blei vedteke store endringar i godtgjersla for folkevalde i Bygland kommune ved inngangen til 2023. Dette har gjort det meir krevjande å budsjettere dette budsjettområdet enn normalt. Budsjettområdet har eit relativt stort mindreforbruk på 5,08 %. Ein held på med ein gjennomgang av kva som er utbetalt av godtgjersle i 2024. Eventuelle manglande utbetalningar blir ført i 2025-rekneskapen.

KOSTRA-tala viser at kommunen sine driftsutgifter per innbyggjar til politisk styring var tredje høgast blant kommunane i Agder i 2024 (merk at Sirdal og Iveland ikkje har levert rekneskapen innan fristen for offentleggjering hos SSB). Kommunen bruker 2,0 % av sine totale utgifter til politisk styring. Dette er også tredje høgast i Agder.

Stab og fellesutgifter

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2024:

	Rekneskap 2024	Regulert budsjett	Opphaveleg budsjett	Rekneskap 2023	Forbr. % 2024
Bevilling drift, netto budsjettomr. 20 Stab og fellesutgifter	15 875 533	13 074 000	12 796 000	11 359 172	121,43 %
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-1 078 044	-50 000	-50 000	1 351 370	2156,09 %
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond					
Sum budsjettområde 20 Stab og fellesutgifter	14 797 489	13 024 000	12 746 000	12 710 541	113,62 %

Kommentar:

Budsjettområdet inkluderer mellom anna kommunedirektøren sin stab (kommunalområda Organisasjon og HR og Økonomi og Administrasjon), beredskap, fellesutgifter, tilskot til fellestrådet, frivilligsentral, hovudtillitsvalt og hovudverneombod.

Auka frå 2023 til 2024 er på 16,7 %, tilsvarande 2,1 mill. Den største årsaka til dette er sluttpakka til avgått kommunedirektør, dryge 1,3 mill. inkl. arbeidsgivaravgift, som i sin heilskap er ført i 2024-rekneskapen. Kr 500.000 i kommunal eigenandel til omstillingsprogrammet er ei utgift kommunen har i 2024, som kommunen ikkje hadde i 2023, som også er grunn til auka samanlikna med 2023. Sluttpakka er også hovudårsaka til budsjettoverskridinga på 1,77 mill., sidan ho blei kjend først etter siste budsjettjustering. Samla lønnsutgifter er på 100,4 % av regulert budsjett om ein ser bort frå slutt-pakka. Fråværsmodulen er ikkje fullstendig oppdatert etter ny organisering, men ein ser at den tidlegare eininga Stab og fellesutgifter, som utgjør ein stor del av Stab og fellesutgifter sine tilsette i dag, hadde eit sjukefråvær i 2024 på 7,51 %. Då er tilsette i den tidlegare stabseininga Samfunnsutvikling (inkl. kultur og frivilligsentralen) inkludert (desse er eigentleg under Samfunn).

Elles er det nokre utgifter, t.d. velferdstiltak for alle tilsette i kommunen, som kunne vore fordelt utover fleire budsjettområde, men som er ført under Stab og fellesutgifter og bidreg ytterlegare til budsjettoverskridinga. Det har og vore ekstraordinære utgifter til juridisk bistand i samband med sluttpakka, samt ein større utgift til rekruttering av oppvekstsjef våren 2024, utgifter som det berre delvis er budsjetttert for. Ein gjer òg merksam på at opphøveleg budsjett er veldig stramt, og justeringa i regulert budsjett er åleine relatert til ordinær lønnsvekst.

Oppvekst

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2024:

	Rekneskap 2024	Regulert budsjett	Opphøveleg budsjett	Rekneskap 2023	Forbr. % 2024
Bevilling drift, netto budsjettområde 30 Oppvekst	38 853 799	37 659 000	34 564 000	31 883 417	103,17 %
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	72 263			1 463	
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-524 000	-524 000	-524 000		100,00 %
Sum budsjettområde 30 Oppvekst	38 402 061	37 135 000	34 040 000	31 884 880	103,41 %

Kommentar for heile oppvekstsektoren:

Barnehagane og skulane samla er over regulert budsjett, med eit meirforbruk på 103,4 %. Det er lønnskostnader, energikostnader og transportkostnader som utgjør dei største utgiftene til dei to einingane. Når det gjeld kostnadsnivå var det under budsjetttert fyrste halvår og over budsjetttert gjennom siste halvår. Det var også stillingar i vakanse gjennom våren. Områder med større avvik i forhold til budsjett:

- ❑ Samla er det eit meirforbruk til matvarer til sektoren på 143 000 kroner
- ❑ Opplæring og kurs har eit meirforbruk på 112 000 kroner
- ❑ Skuleskyss har eit meirforbruk på 168 000 kroner, dette vurderast om kommer til å være eit område ein framover må vurdere å justere opp i budsjetta
- ❑ Dei kommunale avgiftene har eit overforbruk på 49 000 kroner
- ❑ Polen-turen har eit meirbruk på cirka 160 000 kroner
- ❑ Bruk av bedriftshelsetenesta har eit meirforbruk 70 000 kroner
- ❑ Lisensar har eit mindreforbruk på 153 000 kroner. Her er ein faktor overgang til IKT-Agder, der enkelte programvarer nå føres på andre områder. Vidare vil dette bli justert når ein har større oversikt på kostnadsbilete på kva som er eigne lisensar og kva som går gjennom IKT-Agder
- ❑ Strøm og varme har eit mindreforbruk på 336 000 kroner

Sjukefråvær: Samla har einingane i oppvekst et sjukefråvær på 9,02% gjennom 2024. Det er høgare sjukefråvær i fyrste halvår enn siste halvår, noko som kan ha ein samanheng med ein betre grunnbemanning gjennom hausten 2024.

Kommentar Bygland skule og SFO:

Eininga Bygland skule 1.-10. trinn og SFO, har eit meirforbruk på 0,5% av regulert budsjett. Dette utgjer eit overforbruk på 84 453 kroner på eit budsjett på 18 872 000 kroner. Vaksenopplæringa, som er ei teneste kommunen kjøper av Evje og Hornnes kommune, vert og kostnadsført under denne eininga. Denne tenesta vert finansiert av tilskot frå IMDi. Budsjettjusteringa i løpet av året er i ein heilskap relatert til lønnsvekst i samband med lønnsoppgjeret, ei justering ein gjer for alle kommunen sine budsjetteiningar.

Sjukefråvær i eininga var i 2024 på 6,91%, der ein fyrste halvår hadde eit sjukefråvær på 9,82% og hausten 4%. SFO ved Bygland skule har hatt eit høgare sjukefråvær på 10,33% gjennom året.

Kommentar Byglandsfjord skule:

Eininga Byglandsfjord oppvekstsenter, som inkluderer skule 1.-7. trinn og SFO, hadde eit meirforbruk på 7,6% i høve til regulert budsjett. Dette utgjer eit meirforbruk på 730 156 kroner på eit budsjett på 9 594 000 kroner. Årdalshallen er ein del av budsjettet under Byglandsfjord skule. Tar ein ut tall for berre Årdalshallen er budsjettet på 187 000 kroner, mens det er utgiftsført 211 527 kroner i 2024.

Sjukefråvær i eininga var i 2024 på 16,88%. Ser ein på sjukefråværet på skulen hadde ein der i fyrste halvår hadde eit sjukefråvær på 18,65% og hausten 12,47%.

Kommentar Bygland barnehage:

Eininga Bygland barnehage hadde eit meirforbruk på 7,3% i høve til regulert budsjett. Dette utgjer eit meirforbruk på 344 934 kroner på eit budsjett på 4 701 000 kroner.

Sjukefråvær i eininga var i 2024 på 6,33%. I fyrste halvår hadde eit sjukefråvær på 5,29% og hausten 7,72%.

Kommentar Byglandsfjord barnehage:

Eininga Byglandsfjord barnehage hadde eit meirforbruk på 5,4% i høve til regulert budsjett. Dette utgjer eit meirforbruk på 207 520 kroner på eit budsjett på 3 868 000 kroner.

Sjukefråvær i eininga var i 2024 på 2,24%. Fråværet var noko høgare på hausten enn på våren. Men med eit så lågt samla sjukefråvær er differansen innafor det ein kan anse som normal svinging og ikkje signifikant.

Helse og omsorg

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2024:

	Rekneskap 2024	Regulert budsjett	Opphavelag budsjett	Rekneskap 2023	Forbr. % 2024
Bevilling drift, netto budsjettomr. 33 Helse og omsorg	45 276 401	49 460 000	46 677 000	43 445 211	91,54 %
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	13 894			-8 895	
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	3 695 674	-20 000	-20 000	3 220 150	-18478,37 %
Sum budsjettområde 33 Helse og omsorg	48 985 969	49 440 000	46 657 000	46 656 466	99,08 %

Kommentar:

Budsjetteiningane pleie og omsorg og helse vart i 2024 slått saman til kommunalområdet helse og omsorg. Rekneskapen for 2024 syner eit totalt mindreforbruk på 0,9 % i forhold til revidert budsjett. Dette tilsvarar om lag kr. 450.000. Utgiftene har auka med 4,99 % samanlikna med 2023, som er tilnærma likt lønnsveksten. Dette svarar til om lag kr 2,3 mill.

I løpet av året vart budsjettet auka med 1,2 millionar etter 2. tertial. Dette vart gjort for å sikre rekruttering i nøkkelstillingar samt at ein såg at brukarbetalingane på det tidspunktet var svært låge. Resterande auke av budsjettet kom som følge av lønsoppgjeret.

Sjukefråvær: For Helse og omsorg samla sett var sjukefråværet 12,36 % i 2024.

Utgifter: Totale lønnskostnader inkl. fråtrekk for refusjonar frå NAV stat syner eit marginalt mindreforbruk på 0,1%. Det er likevel slik at ein har hatt forholdsvis høge utgifter til vikarbruk og overtidsbetaling. Ein har greidd å kompensere for dette ved at ein ikkje har tilsett vikar for avdelingsleiar i permisjon.

Posten *andre driftsutgifter* hadde eit overforbruk på 15,2%, noko som tilsvarar omlag kr. 935.000. Årsaka til dette er samansett: Generelt er det slik at fleire av brukarane som mottek hjelp frå eininga har meir kompliserte sjukdomsbilete enn for berre nokre få år sidan. Dette gjev auka utgifter til medikament og anna medisinsk forbruksmateriell. Ein ser og at det har vore ei generelt høg prisauke på både mat og anna i løpet av året. I starten av året såg ein seg nøydd til å nytte vikarbyrå for å sikre forsvarleg drift. Totalkostnaden for det kom på om lag kr. 350.000,-

3 eldre oppvaskmaskinar i avdelingane på Byglandsheimen gjekk sund i løpet av året. Dette er spesialmaskinar rekna for institusjonar. Totale kostnader for reparasjonar av gamle, og kjøp av nye kom på om lag kr.100.000,-

Ein ser at naudsynte utgifter til kjøp, lisensar og brukarstøtteavtalar til velferdsteknologi og andre IKT system er betydeleg høgare enn det som er budsjettert med. Ein anslår dette til om lag kr 200.000,-. På sikt vil dette kunne føre til meir effektiv drift, og innsparingar på andre område.

Inntekter: Inntekter frå opphald på institusjon og betaling for heimetjenester vart betydeleg høgare en det ein hadde budsjettert med. Dette utgjer om lag kr. 783.000. På andre sida ser ein at inntekter frå sal av mat, og leigeinntekter for bustader er i underkant av kr. 600.000,- lågare enn budsjettet.

Det er krevjande å budsjettere på desse områda då dei er i stadig endring ut frå brukarbehova.

Samfunn

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2024:

	Rekneskap 2024	Regulert budsjett	Opphavelag budsjett	Rekneskap 2023	Forbr. % 2024
Bevilling drift, netto budsjettområde 35 Samfunn	27 927 555	28 558 000	29 264 000	31 044 842	97,79 %
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-208 179	-334 000	-334 000	-487 298	62,33 %
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-446 492	-550 000	-550 000		81,18 %
Sum budsjettområde 35 Samfunn	27 272 885	27 674 000	28 380 000	30 557 544	98,55 %

Kommentar:

Budsjettområdet består av den tidlegare budsjetteininga Drift og forvaltning og den tidlegare stabseininga Samfunns-utvikling (inkl. kultur). Budsjettområdet har eit mindreforbruk på 1,45 %, tilsvarande om lag kr 400.000. Om ein ser bort frå budsjettauke knytt til ordinær lønnsvekst, har budsjettet blitt redusert med om lag 1,4 mill. i løpet av året. Det har vore ein del vakansar i 2024, samt relativt store ekstraordinære utgifter i 2023, som gjer at utgiftene er redusert med dryge 10 % samanlikna med 2023. I tillegg så er store budsjettpostar som straum og brøyting redusert med totalt over 0,7 mill.

Sjukefråvær: Fråværsmodulen er ikkje fullstendig oppdatert etter ny organisering, men ein ser at den tidlegare eininga Drift og forvaltning, som utgjer ein stor del av Samfunn sine tilsette, hadde eit sjukefråvær i 2024 på 12,09 %. Då er ikkje Samfunnsutvikling inkl. kultur og frivilligsentralen medrekna.

Utgifter: Samla lønnskostnadar inkl. fråværsrefusjonar er på 98,8 % av budsjett, tilsvarande kr 272.000 under regulert budsjett. Ei sluttpakke drog opp lønnsutgiftene, men mykje vakansar gjorde at lønnsutgiftene hamna under budsjett likevel.

Andre driftsutgifter er 5 % over budsjett, tilsvarande kr 1.177.000. Denne overskridinga må i stor grad sjåast i samanheng med at inntektene har blitt høgare enn budsjettet. Ein har med andre ord teke ein del ekstrautgifter innanfor eksisterande ramme, sidan inntektene og lønnsutgiftene har ligge godt an i høve budsjett. Nokre utgifter kjem også grunna bruk av tilskot kommunen har fått innvilga i løpet av året. Av vesentlege ekstrautgifter kan ein nemne følgjande:

- ❑ Austad kyrkjegard: Vedlikehald av mur kor kommunen sin del av kr 200.000.
- ❑ Bubiltømmestasjon: Kr 630.000 i utgift. Må sjåast i samanheng med kr 400.000 i tilskot frå SIPR.
- ❑ Ose turistheim: Nesten kr 200.000 i ekstrautgifter i høve budsjett, primært til straum og nytt brannalarmanlegg.
- ❑ Kommunale vegar: Det blei ei overskriding på brøytebudsjettet på kr 350.000. Dette blei vege opp av at ein ikkje hadde kapasitet til å ta fatt på hovudplan for veg (kr 150.000), og lågare straumutgifter enn budsjettet (kr 120.000), ein effekt av at kommunen har installert energieffektive LED-ljos på fleire gateljos langs kommunale vegar.
- ❑ Private vegar: Eigenandelen dekker ikkje utgiftene, og nettoutgifta på litt over kr 230.000 er nesten kr 100.000 over budsjett.
- ❑ Byglandsfjord skule, Bygland skule og Byglandshallen: Om lag kr 130.000 i elektriske installasjonar til oppgradering av digital infrastruktur (wifi-dekning mv.)
- ❑ Om lag kr 105.000 til vedlikehald av traktor og klipparar.
- ❑ Tenesteavtale med fellesrådet utgjer kr 435.000. Denne utgifta er ikkje budsjettet, men det blir samstundes ført ei inntekt på same beløpet som heller ikkje er budsjettet, så dette gjeng opp i opp. Denne føringa blir gjort for å synleggjere utgifta kommunen har med dette.
- ❑ Veterinærvakt blei om lag kr 90.000 over budsjettet (antakeleg underbudsjettet).
- ❑ Samla utgifter på slam og renovasjon blei dryge kr 300.000 over budsjett. Dette blir dekt inn av til dels høgare inntekter enn budsjettet (slam) eller av sjølvkostfond (renovasjon).
- ❑ Det har vore leigd inn tilsette frå andre kommunar på dei områda kor kommunen har hatt vakanse. Dette blir ført under andre driftsutgifter, og er ikkje budsjettet her, men det blir dekt inn av underforbruk på lønnsbudsjettet.

Det er elles fleire andre område og budsjettpostar som er lågare enn budsjettert også, som til dømes Bjoren inkl. slusene, stasjonsområdet (måling av bygga blei løyst på ein billigare måte enn budsjettert), Byglandsheimen, Byglandshallen og museumsområdet på Presteneset, for å nemne nokre. Samla straumutgifter blei 3 prosent lågare enn budsjettert, tilsvarande eit mindreforbruk på kr 66.000.

Av større driftsprosjekt som har vore i 2024, kan ein nemne:

- ❑ Utstilling, kr 193.000 (budsjett kr 200.000)
- ❑ Moglegheitsstudium Byglandsfjord, kr 274.000 (budsjett kr 500.000)
- ❑ Tilskot til bubiltømestasjon, kr 230.000 (nettoutgift)
- ❑ Geovekst, kr 126.000 (budsjett kr 120.000)
- ❑ Austad kyrkjegard, nettoutgift kr 200.000
- ❑ Tilskotsordning ras- og skredutgreiing, kr 88.000 (budsjett kr 500.000)
- ❑ Designdriven forvaltning (finansiert av tilskot)
- ❑ Diverse informasjonsmateriell, kr 120.000

Når det gjeld sjølvkostområdet (vatn, avløp, renovasjon, feiing og slam) vil ein vektlegge følgjande:

- ❑ Overordna: Samla nettoutgifter på dette området er på kr 2 544 643, som er 87 prosent av budsjett. Spesielt feieområdet blei lågare enn budsjettert. Kommunen subsidierer vass- og avløpsområdet med kr 2.800.950 totalt.
- ❑ Vatn: Nettoutgift på kr 63.000 (avrunda), som vil seie at kommunen subsidierer dette området med denne summen. Det gir ein dekningsgrad på 97 prosent. Det er ikkje vedtak om at gebyrinntektene skal dekke inn utgiftene på vassområdet.
- ❑ Avløp: Nettoutgift på kr 2.738.000 (avrunda), som vil seie at kommunen subsidierer dette området med denne summen. Det gir ein dekningsgrad på 63 prosent. Det er ikkje vedtak om at gebyrinntektene skal dekke inn utgiftene på avløpsområdet.
- ❑ Renovasjon: På dette sjølvkostområdet skal inntektene frå kommunale avgifter dekke inn utgiftene 100 prosent. Dette følgjer av rettleiaren til sjølvkostforskrifta. Enkelt sagt betyr det at dette området skal gå i 0 over tid. Dekningsgraden var 81 prosent i 2024. Det som ikkje blei dekt inn, blir finansiert av kommunen sitt sjølvkostfond på renovasjon (akkumulerte overskot frå tidlegare år).
- ❑ Feiing: Her er det lokalt vedtak om 100 prosent inndekning. Dekningsgraden i 2024 var 134 prosent, som vil seie eit overskot på 34 prosent. Overskotet blir brukt til å finansiere tidlegare år sine underskot på feiing.
- ❑ Slam: Her gjelder same lovmessige krav som for renovasjon. Dekningsgraden var 92 prosent i 2024. Det som ikkje blei dekt inn, blir finansiert av kommunen sitt sjølvkostfond på slam (akkumulerte overskot frå tidlegare år).

Inntekter: Samla inntekter er 8,6 % høgare enn budsjettert, tilsvarande kr 1.477.000. Mykje av dette gjeld tilskot kommunen har fått innvilga i løpet av året som har gått til øyremerka føremål, for eksempel kr 400.000 til bubiltømestasjon, kr 200.000 til samarbeidsprosjekt på designdreven forvaltning, kr 118.000 til kyrkjegarden på Austad og kr 91.000 til utbetring av stien opp til dagsturhytta (sett av til bruk i 2025), for å nemne dei mest vesentlege.

Når det gjeld sals- og leigeinntekter er inntektene på 101,6 % av budsjett. Inkludert i dette ligg mellom anna kommunale avgifter som kom på 100,01 % av det budsjetterte talet. Dette viser at ein jamt over har treft godt med budsjettet når det gjeld dei ordinære inntektene.

Eksterne samarbeid

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2024:

	Rekneskap 2024	Regulert budsjett 2024	Forbruk	Rekneskap 2023	Endring frå 2023 til 2024
Fellesutgifter	430 626	320 000	134,57 %	346 465	24,29 %
Kontrollutvalet	157 000	157 000	100,00 %	151 000	3,97 %
Revisjon	862 822	682 000	126,51 %	703 500	22,65 %
IKT	4 639 738	4 740 000	97,88 %	3 929 376	18,08 %
PPT	857 406	905 000	94,74 %	763 712	12,27 %
Musikk og kulturskule	544 422	620 000	87,81 %	570 180	-4,52 %
Aust-Agder museum og arkiv - Museumsdel	425 600	437 000	97,39 %	425 600	0,00 %
Setesdal barnevern	8 594 077	7 278 000	118,08 %	5 643 203	52,29 %
Legetenesta	4 166 933	4 631 000	0,00 %	4 276 615	-2,56 %
Lokalmedisinske tenester	525 127	633 000	82,96 %	601 347	-12,67 %
Setesdal Brannvesen IKS	4 134 535	4 068 000	101,64 %	2 983 065	38,60 %
NAV Midt-Agder	1 665 639	1 750 000	95,18 %	1 498 750	11,14 %
Vassdragstyre for øvre Otra	61 226	300 000	20,41 %	60 501	1,20 %
UNESCO-satsing innanfor oppvekst	215 867	391 000	55,21 %	72 677	197,02 %
Netto driftsramme	27 281 018	26 912 000	101,37 %	22 025 991	23,86 %

Kommentar:

Under fellesutgifter ligg driftstilskot til Setpro og Etablerersenteret Agder IKS, og diverse kjøp av interkommunale tenester.

IKT har ei betydeleg auke i utgiftene frå 2023 til 2024, som mellom anna er relatert til auke i programvarelisensar på programvare som kommunen må ha, for eksempel Microsoft-pakka, samt auke i utgifter til aksesspunkt sidan kartleggingar har vist at kommunen har dårleg dekning i mange bygg. Leasingutgifter på printarar har også auka vesentleg, sidan kommunen kjøpte dei gamle printarane, og har difor ikkje hatt leasingutgifter dei siste åra.

Rekneskapen viser at PPT Setesdal har halde seg innanfor budsjett samla sett for året. Det er sett av kr 150.000 på fond (i vertskommunen sin rekneskap) til nytt fagsystem som vil kome i 2025. Utgiftene til musikk- og kulturskule har minka med 4,5 % sidan 2023. Utgiftsnivået her vil i ein del grad avhenge av kor mange elevar som nyttar seg av dette tilbodet.

Musikk- og kulturskule: For haustsemesteret 2024 var det 15 elevar frå Bygland. Årsaka til mindreforbruket i høve budsjett er i hovudsak vakanse i stillingar.

Setesdal barnevern: Det har vore eit meirforbruk i barnevernstenesta for Bygland kommune. Dette heng saman med auka bruk av tiltak i heimen, samt fleire barn plassert utanfor heimen, samt noko overforbruk på drift. Årsaka til overforbruket på drift er høgare lønsauke for stillingskodane i barnevernstenesta enn det som er budsjettera samt investering i nye pc-ar og kontorutstyr som var naudsynt.

Legetenesta: Mindreforbruket kjem hovudsakleg av langtidsfråvær blant tilsette utan å leige inn vikar, samt lågare utgifter enn budsjettert til kommuneoverlege på grunn av vakanse i stillinga.

Lokalmedisinske tenester: Vertskommunesamarbeidet har eit positivt budsjettavvik på om lag 108.000 kroner. Dette kjem i stor grad av sjukefråvær i eininga. Det har kome inn refusjonar, men det er ikkje leigd inn vikar.

UNESCO: Eksterne tilskot gjorde det mogeleg å tilsette fast prosjektmedarbeidar i 20 % stilling i Gorrlaus i hausthalvåret, noko som førte til lågare utgifter til Gorrlaus enn budsjettert. I tillegg gjorde vi noko bruk av fond. Det var også mindre utgifter

enn budsjettert på interkommunal folkemusikklærer, då vedkomande ikkje starta i stillinga før 01.08.24. I vårhalvåret vart folkemusikkundervisinga hovudsakleg dekkja av to lærarar i totalt 16 % stilling, og noko innaføre eigne ressursar (Valle og Bykle).

Utover dette viser ein til årsmeldingane til dei einskilde samarbeida.

Andre sentrale inntekter og kostnader
Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2024:

	Rekneskap 2024	Regulert budsjett	Opphaveleg budsjett	Rekneskap 2023	Forbr. % 2024
Bevilling drift, netto budsjettområde 90	-26 043 971	-26 766 000	-20 686 000	-40 589 274	97,30 %
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-73 000	-132 000	-132 000	-742 063	55,30 %
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	979 291		150 000	13 581 797	
Sum budsjettområde 90 Andre sentrale innt. og kost.	-25 137 680	-26 898 000	-20 668 000	-27 749 540	93,46 %

Kommentar:
Øvste lina i tabellen ovanfor viser at nettoinntekta på dette budsjettområdet er om lag 14,5 mill. lågare i 2024 enn i 2023. Hovudårsaka til dette er at konsesjonskraftinntektene er redusert med over 17 mill. Rekneskapen viser og at nettoinntekta er dryge 0,7 mill. lågare enn budsjettert. Pensjons- og lønnsrelaterte føringar er den største årsaka til dette. Det er og viktig å merke seg at det ligg ein ekstraordinær refusjon på kr 1 mill. innanfor dette budsjettområdet, som gjeld refusjon av kommunen sine utgifter til fiberkabel i 2023. Dette er med andre ord ei ekstraordinær inntekt som bidreg til å forbetre kommunen sitt netto driftsresultat i 2024 med kr 1.000.000. Konsesjonskraftinntektene ble kr 600.000 lågare enn budsjettert. Bruk av næringsfond (utgift) blei også lågare enn budsjettert. For ein oversikt over bruk av næringsfond, viser ein til kapittel 1.8.



1.4 Bevilgningsoversikt investering

	Note	Rekneskap 2024	Regulert budsjett '24	Opphavelg budsjett '24	Rekneskap 2023
1 Investeringar i varige driftsmidler	4, 18	8 676 003	10 516 000	7 300 000	10 978 097
2 Tilskot til andre sine investeringar		0	0	0	0
3 Investeringar i aksjar og andeler i selskap	5	671 647	672 000	500 000	520 241
4 Utlån av egne midlar	6	0	0	0	0
5 Avdrag på lån	7	0	0	0	0
6 Sum investeringsutgifter		9 347 650	11 188 000	7 800 000	11 498 338
7 Kompensasjon for meirverdiavgift		-713 452	-1 089 000	-1 110 000	-1 795 661
8 Tilskot frå andre	19	-596 578	-460 000	0	-464 000
9 Sal av varige driftsmidler	4	-41 155	-40 000	-1 000 000	-850 000
10 Sal av finansielle anleggsmidler		0	0	0	-2 361 067
11 Utdeling frå selskap		0	0	0	0
12 Mottekne avdrag på utlån av egne midlar		-100 000	-100 000	0	-100 000
13 Bruk av lån		-7 224 819	-8 827 000	-5 190 000	-1 812 000
14 Sum investeringsinntekter		-8 676 003	-10 516 000	-7 300 000	-7 382 727
15 Vidareutlån (startlån)	6	4 766 000	6 000 000	1 000 000	1 881 170
16 Bruk av lån til vidareutlån		-4 766 000	-6 000 000	-1 000 000	-1 881 170
17 Avdrag på lån til vidareutlån	7	325 665	500 000	500 000	325 678
18 Mottekne avdrag på vidareutlån		-1 435 986	-500 000	-500 000	-489 015
19 Netto utgifter vidareutlån		-1 110 321	0	0	-163 337
20 Overføring frå drift		0	0	0	-4 155 813
21 Avsetningar til bundne investeringsfond	10	1 138 399	0	0	208 186
22 Bruk av bundne investeringsfond	10	-28 078	0	0	-44 849
23 Avsetning til ubundet investeringsfond		0	0	0	695 000
24 Bruk av ubundet investeringsfond		-671 647	-672 000	-500 000	-654 798
25 Dekning av tidlegare års udekka beløp		0	0	0	0
26 Sum overføring frå drift og netto avsetningar		438 674	-672 000	-500 000	-3 952 274
27 Framført til inndekning i seinare år (udekka beløp)		0	0	0	0

Investeringsutgifter

Line 1, investeringar i varige driftsmidler, blir kommentert i avsnitt 1.5 Bevilgningsoversikt drift, til fordeling. Kjøp av aksjar og andelar gjeld eigenkapitaltilskot til KLP og aksjekapitalinnskot i Agder næringssselskap, jf. tidlegare vedtak. Dette blir dekt av ubunde investeringsfond.

Investeringsinntekter

Dei største budsjettavvika her er innan budsjettpostane kompensasjon for meirverdiavgift, tilskot frå andre og bruk av lån. Avvika på meirverdiavgiftskompensasjon og bruk av lån heng tett saman med at dei samla investeringane i varige driftsmidlar blei lågare enn budsjettert. For meir detaljar om dette, viser ein til kapittel 1.5.

At tilskot frå andre er nesten kr 140.000 høgare enn budsjettert heng saman med at kommunen har fått to tilskot etter siste budsjettjustering. Det eine er på kr 100.000 og gjeld tilskot frå SIPR til dagsturhytta, som eigentleg gjaldt 2023. Det andre tilskotet er relatert til investeringa i industribygg på Byglandsfjord, og bidreg til å dekke inn det vesle meirforbruket som var på dette prosjektet i fjor. Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar, gjeld avdrag på næringsutlån innvilga av kommunestyret i 2022.

Vidareutlån

Det har blitt innvilga fire startlån i 2024, på totalt kr 4.766.000. I 2023 var tilsvarande tal to lån på totalt kr 1.881.170. Før desse låna blei innvilga, hadde det ikkje blitt innvilga startlån i kommunen sidan 2019. Det er gjort ei tapsvurdering av startlåna per 31.12.24, og med unntak av eit mindre lån som potensielt kan gi kommunen eit tap på snaue kr 50.000, blir alle låna betent. Eit eventuelt tap blir ført i balanserekneskapen og får ikkje innverknad på kommunen sitt økonomiske resultat.



1.5 Bevilgningsoversikt investering, til fordeling

	Rekneskap 2024	Regulert budsjett '24	Opphavelg budsjett '24	Rekneskap 2023
Investeringar i varige driftsmiddel				
451 Flyktningebil				245 000
557 Avløpsleidning frå Raubekk til Hamren				94 676
563 Rehabilitering av kloakkrense- og pumpestasjonar				218 885
606 Rehabilitering ventilasjonsanlegget i symjehallen				1 474 794
607 / 70002 Dagsturhytta	12 292	12 000		1 179 375
757 Rundkøyering Bygland				2 682 271
809 Sal bustader				134 557
869 / 70012 Bygland kulturscene	63 786			850 000
878 Stasjonsområdet Byglandsfjord				64 073
893 Robotgrassklypparar				116 316
895 SD-styring Byglandsfjord oppvekstsenter				138 124
40002 Velferdsteknologi	390 304	500 000	500 000	0
40003 Tørketrommel Byglandsheimen	120 000	120 000		
50001 Rehabilitering av kloakkreinse- og pumpestasjonar	0	200 000	200 000	0
50002 Rehabilitering av vasskummar av omsyn til HMS	0	200 000	200 000	0
50003 Automatisering/digitalisering Byglandsfjord reinseanlegg	0	200 000	200 000	360 707
50007 VA Presteneset	0	0	300 000	0
70000 Turveg Byglandsfjord	21 732	400 000	400 000	0
70003 Inventar til biblioteket	345 092	300 000	125 000	0
70004 Kommunal veg Presteneset	119 400	120 000	100 000	1 080 062
70005 Utsmykking i rundkøyeringa på Byglandsfjord		0	125 000	0
70007 Utsmykking i rundkøyeringa på Bygland		0	125 000	0
70013 Oppgradering og inventar kommunehuset Bygland		250 000	250 000	0
70015 Utstillingsmonter	124 547	150 000		
70017 Målretta ENØK-tiltak	109 800	500 000	500 000	526 225
70021 Styrkerom Årdalshallen		250 000	250 000	0
70022 Inventar til ungdomsklubben	296 368	350 000	350 000	0
70023 Kulturscena: Lys- og tepperigg	0	0	150 000	0
70024 Kulturscena: Lydanlegg	141 456	150 000	150 000	0
70025 Stolar/bord Årdalshallen	272 475	275 000	250 000	0
70026 Årdalshallen: Lydanlegg	143 794	150 000	150 000	0
70027 Pakkbua: Bruksendring og opprusting	425 719	400 000	400 000	0
70028 Nytt system for pasientvarsling Byglandsheimen	654 283	500 000	500 000	641 125
70029 Rehabilitering av Priveten	201 232	300 000	300 000	180 582
70030 Oppgradering av Byglandsheimen		0	300 000	0
70031 Ny lastebil	633 065	625 000	625 000	0
70032 Infrastruktur Presteneset (ekskl. VA)	338 445	340 000		
70033 Kjøp av industribygg på Byglandsfjord	3 759 740	3 722 000		
90010 Nytt IKT-system økonomi og personal	502 473	502 000	850 000	991 327
Sum investeringar i varige driftsmiddel	8 676 003	10 516 000	7 300 000	10 978 099

Kommentarar til kvart prosjekt

For kommentarar om prosjekt som er sett til 0 i løpet av året, viser ein til tertialrapportane.

Prosjekt 607/70002 Dagsturhytta

Restutgift på eit prosjekt som i eigentleg blei slutført i 2024.

Prosjekt 869/70012 Bygland kulturscene

Uventa utgift knytt til avrekning av prosjekt gjeldande ventilasjonsanlegg til kulturscena som egentleg blei slutført i 2024. Utgifta er ikkje budsjettert sidan avrekninga kom etter siste budsjettjustering (2. tertialrapport).

Prosjekt 40002: Velferdsteknologi

Eldre 2G-tryggleiksalarmar er erstatta med 30 nye 4G-alarmar. Det er kjøpt inn 6 elektroniske medisindispenserar. Manuelle låsekassar hjå heimebuande eldre er erstatta med elektroniske låsar som vert opna med mobiltelefon.

Prosjekt 40003: Tørketrommel Byglandsheimen

20 år gammal tørketrommel i vaskeriet gjekk sund i løpet av året. Den er no erstatta med ny og meir ENØK-vennleg trommel.

Prosjekt 50001: Rehabilitering av kloakkreinse- og pumpestasjonar

Er utført gjennom året, men med så små utgifter at det blei ført som utgifter over drift.

Prosjekt 50002: Rehabilitering av vasskummar av omsyn til HMS

Er utført gjennom året, men med så små utgifter at det er ført over drift.

Prosjekt 50003: Automatisering/digitalisering Byglandsfjord reinseanlegg

Eit prosjekt som har gått over lengre tid, men som nå er avslutta. Det blei gjer det enklare for den daglege drifta.

Prosjekt 70000: Turveg Byglandsfjord

Prosjektet er under arbeid. Turvegen er forankra i pågåande revidering av kommuneplanen sin arealdel. Denne er ikkje endeleg vedtatt. Søndre del av traseen bør bli detaljregulert for å ta omsyn til rørte mynde langs rv9. Det er starta arbeid med prosjektskildring som skal ligge til grunn for realisering av turvegen. Dialog med grunneigarar blir gjennomført på grunnlag av prosjektskildringa.

Prosjekt 70003: Inventar til biblioteket

Prosjektet er fullført. Det er kjøpt inn nye møbel og planter til nyoppussa lokale.

Prosjekt 70004: Kommunal veg Presteneset

Veg frå rundkøyringa ut til Presteneset. Prosjektet er ferdig.

Prosjekt 70013: Oppgradering og inventar kommunehuset

Det har ikkje vore kapasitet til å jobbe med dette prosjektet i 2024.

Prosjekt 70015: Utstillingsmonter

Spesialmonter til utstilling av verdifulle gjenstandar som blei bestilt frå Sverige på hausten. Sidan det er planar om utstillingar jamleg framover, og slike monterer er kostbare å leige, har kommunen investert i eit eige monter i staden.

Prosjekt 70017: Målretta ENØK-tiltak

I 2024 blei det investert i LED-lys på Byglandsfjord skule. Dette gir ei stor innsparing i energiforbruk.

Prosjekt 70021: Styrkerom Årdalshallen

Innleiingsvis var det ønske om å bygge om eit tidligare styrerom som var etablert i eit lager. Det viste seg å vere vanskeleg å gjennomfør grunna mangel på ventilasjon, rømningsveg mm. Ein tok deretter initiativ til å finne ei alternativ løysing i samanheng med Årdalshallen. Prosjektet blei derfor overført til 2025 med tanke på prosjektering av eit nytt treningsrom.

Prosjekt 70022: Inventar til ungdomsklubben

Prosjektet er i stor grad fullført. Ungdomsklubben har fått nye møbel og gardiner, samt nytt gamingrom, eit velutstyrt kjøkken og nytt biljardbord. Utfordringa her er akustikken. Det er eit anna lydnivå i ein ungdomsklubb enn i eit bibliotek. Vi har montert lydplater i taket, men framleis er det ein del romlyd. Planen er å bygge ein rillevegg langs den eine langveggen for å bryte lyden, og kjøpe inn ein del golvteppe.

Prosjekt 70024: Kulturscena: Lydanlegg

Prosjektet er i stor grad fullført. Det har blitt kjøpt inn nytt høgtalarsystem og mikseflate for lyd. Det er framleis ein del privat utstyr som skal byttast ut. Det står att å få montert opp ein tablet for miksar-styring og få dei trådlause mikrofonane montert. Dette vil gjere at fleire kan nytte lydsystemet på scena enkelt ved å følge ein oppskrift.

Prosjekt 70025: Stolar/bord Årdalshallen

Det er kjøpt inn 134 stolar. Prosjektet held fram i 2025.

Prosjekt 70026: Årdalshallen: Lydanlegg

Prosjektet er i stor grad fullført. Som på kulturscena er det noko privat utstyr som skal byttast ut. Det er kjøpt inn nytt høgtalarsystem og mikseflate for lyd.

Prosjekt 70027: Pakkbua: Bruksendring og opprusting

Dette har vore eit langdrygt prosjekt som tok til i 2022. Gjennom 2024 har det vore fleire brukarmøter, ferdigstilling av søknader, teikningar og fargekodar. Ein av grunnane til at eit slikt prosjekt tek tid er at bygningen er fredda og krev godkjenningar ned på detaljnivå av veremynde. Ved utgangen av 2024 står det at svar på dei siste søknadane til arbeidstilsyn og vernemynde for at søknad om bruksendring kan sendast. Når det er avklara kan ein sende ut anbodspapir.

Prosjekt 70028: Nytt system for pasientvarsling Byglandsheimen

Det gamle anlegget var utrangert og det var ikkje mogleg å skaffe reservedelar. Det er no installert nytt og moderne varslingsanlegg med digital varsling til mobiltelefonar.

Prosjekt 70029: Rehabilitering av Priveten

Prosjektet er på det nærmaste ferdig. Det som står att er ferdigstilling av pipa og golv innvendig.

Prosjekt 70031: Ny lastebil

Jf. tertialrapportar i løpet av året, så blei dette prosjektet litt endra, då ein så det var meir føremålstenleg å kjøpe ein stor pickup og tilhengar enn ein ny lastebil. Den gamle lastebilen blei selt til den nette sum av kr 15.000.

Prosjekt 70032: Infrastruktur Presteneset (ekskl. VA)

Straumforsyning.

Prosjekt 70033: Kjøp av industribygg på Byglandsfjord

Kommunen kjøpte industribygget til Kallhovd Sveis då ein fekk tilbod om å kjøpe det. Spesielt området rundt bygget er i dårleg forfatning, og det er viktig for kommunen å sikre seg kontroll over området i samband med revidering av reguleringsplanen og vidare utvikling av området.

Prosjekt 90010: Nytt IKT-system økonomi og personal

Prosjektet er ferdig og systemet blei teke i bruk frå 01.01.24.

1.6 Balanserekneskap

Omløpsmidlar

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023	Endring: i kroner	i %
Bankinnskot og kontantar	82 206 722,63	68 757 054,26	13 449 668,37	19,56 %
Obligasjonar (omløpsmidlar)			0,00	
Sertifikat			0,00	
Kundefordringar	4 318 619,04	658 556,00	3 660 063,04	555,77 %
Konserninterne kortsiktige fordringar	143 663,96	1 534 069,00	-1 390 405,04	-90,64 %
Derivat			0,00	
Andre kortsiktige fordringar	5 846 444,78	8 431 113,64	-2 584 668,86	-30,66 %
Aksjar og andeler (omløpsmidlar)			0,00	
Premieavvik	31 785 368,25	30 874 102,24	911 266,01	2,95 %
SUM OMLØPSMIDLAR	124 300 818,66	110 254 895,14	14 045 923,52	12,74 %

Kommentar:

Samla auke i bundne og ubundne drifts- og investeringsfond på om lag 6,2 mill. er den største enkeltårsaka til at likviditeten er forbetra med over 13,4 mill. I tillegg så har kommunen sine ubrukte lånemiddel auka med 2,4 mill. og kortsiktig gjeld har auka med 5,4 mill., som vil seie at ein stor del av likviditetsauka er relatert til kortsiktige forpliktingar, som i 2023 i stor grad blei innfridd før årsskiftet grunna overgang til nytt økonomisystem, medan i 2024 var det eit meir normalt nivå på kortsiktig gjeld.

Akkumulert premieavvik reknar ein med vil reduserast på lengre sikt sidan kommunen må amortisere («skrive ned») balanseførte premieavvik med 1/7 kvart år. Amortiseringa svarar til ein kostnad i rekneskapen, og denne kostnaden er venta å bli større med åra, i og med at premieavvika dei siste åra har vore på fleire millionar, seinast i 2023 var dei på nesten 17 mill., vil det bli store kostnader til amortisering i framtida. Kommunen har difor satt av kr 17,9 millionar på fond som kan nyttast i dei åra kor inntektsført premieavvik vert lågare enn dei kostnadsførte amortiseringane. Premieavvika hos SPK og KLP var totalt 6,77 mill. i 2024.

Anleggsmidlar

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023	Endring: i kroner	i %
Pensjonsmidlar	283 955 841,69	271 437 349,69	12 518 492,00	4,61 %
Aksjar og andeler (anleggsmidlar)	16 038 874,00	15 367 228,00	671 646,00	4,37 %
Utlån (anleggsmidlar)	9 816 079,57	6 654 983,10	3 161 096,47	47,50 %
Konserninterne langsiktige fordringar			0,00	
Utstyr, maskiner og transportmidlar	7 844 075,17	5 755 788,92	2 088 286,25	36,28 %
Faste eigedomar og anlegg	200 788 616,01	204 065 311,28	-3 276 695,27	-1,61 %
Immaterielle eigendeler			0,00	
Obligasjonar (anleggsmidlar)			0,00	
SUM ANLEGGSMIDLAR	518 443 486,44	503 280 660,99	15 162 825,45	3,01 %

Kommentar:

Tabellen syner utviklinga i anleggsmidla frå 2023 til 2024. Samla har anleggsmidla auka med kr 15,2 millionar. Auka i anleggsmidler skuldast nesten utelukkande auke i pensjonsmidlar og utlån (startlån). Kommunale pensjonsordningar er finansierte gjennom fondsopplegg. Dette inneber at det blir betalt inn midlar til pensjonsordninga til dekning av framtidige pensjonsutbetalingar. Formålet med dette er å sikre at dei tilsette har dekning for sine tente rettar til einkvar tid. Det er desse midlane som er inkludert i dei nesten 284 millionane kommunen har i pensjonsmidlar.

Kortsiktig gjeld

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023	Endring i kroner	i %
Likviditetsslån			0,00	
Anna kortsiktig gjeld	-21 938 737,85	-20 294 208,14	-1 644 529,71	8,10 %
Konsernintern kortsiktig gjeld	-664 604,51	-1 303 527,90	638 923,39	-49,01 %
Derivat			0,00	
Leverandørgjeld	-9 090 610,69	-4 631 389,10	-4 459 221,59	96,28 %
Premieavvik	-52 664,00	-114 767,00	62 103,00	-54,11 %
SUM KORTSIKTIG GJELD	-31 746 617,05	-26 343 892,14	-5 402 724,91	20,51 %

Kommentar:

Den kortsiktige gjelda er høgare enn i 2023. Konsernintern kortsiktig gjeld utgjer ca. kr 0,7 millionar av den forpliktinga. Dette er kortsiktig gjeld til IKS, kommunale føretak og liknande som kommunen er med i. Negative premieavvik er balanseført som kortsiktig gjeld. Desse premieavvika skal og amortiserast dei komande åra, men i motsetnad til dei positive premieavvika som er balanseført som kortsiktige fordringar, vil amortiseringa av desse premieavvika ha ein positiv effekt på kommunen sitt driftsrekneskap. Ser ein desse tala i samanheng med tala i avsnittet om omløpsmidlar, kan ein seie at netto premieavvik til amortisering (utgiftsføring) i komande år er lik kr 31,7 millionar (opp frå 30,8 millionar i 2023, som var ei stor auke samanlikna med 2022, då dette talet var 17,8 mill.).

Langsiktig gjeld

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023	Endring i kroner	i %
Pensjonsforplikting	-278 067 752,37	-266 504 639,37	-11 563 113,00	4,34 %
Obligasjonslån			0,00	
Uteståande obligasjonslån med forfall etter neste rekneskapsår			0,00	
Uteståande obligasjonslån med forfall i neste rekneskapsår			0,00	
Obligasjonslån med forfall i neste rekneskapsår			0,00	
Sertifikatlån			0,00	
Gjeld til kredittinstitusjonar (ikkje gyldig i 2024)		-134 286 988,68	134 286 988,68	-100,00 %
Lån i kredittinstitusjon med avdragsprofil	-141 855 042,68		-141 855 042,68	
Avdragsfrie lån i kredittinstitusjon kor hovudstol forfell etter neste rekneskapsår			0,00	
Avdragsfrie lån i kredittinstitusjon kor hovudstol forfell i neste rekneskapsår			0,00	

Lån i kredittinstitusjon med sertifikatvilkår - med løpetid inntil 12 måneder				0,00
Konsernintern langsiktig gjeld				0,00
SUM LANGSIKTIG GJELD	-419 922 795,05	-400 791 628,05	-19 131 167,00	4,77 %

Kommentar:

Oversikta syner at langsiktig gjeld unnateke auka pensjonsforplikting, har gått opp med cirka kr 7,5 millionar. Kommunen betalte kr 6,5 millionar i ordinære avdrag i 2024, og det blei teke opp nytt lån på 8,2 mill., som vil seie at ordinær gjeld auka med 1,7 mill. Resterande auke, på om lag 5,8 mill., gjeld startlån, som no på rundt 12,9 mill. Pensjonsforpliktinga har auka med over 11,5 millionar. Samla avvik mellom midlar og forplikting knytt til pensjon er på 5,9 mill. i positivt favør (dette var 4,9 mill. i positiv retning i 2023).

Eigenkapital

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023	Endring i kroner	i %
Bundne driftsfond	-25 609 450,69	-26 256 370,07	646 919,38	-2,46 %
Ubundet investeringsfond	-780 818,61	-1 452 465,61	671 647,00	-46,24 %
Bundne investeringsfond	-2 930 146,73	-1 819 825,73	-1 110 321,00	61,01 %
Disposisjonsfond	-61 383 219,37	-54 940 956,74	-6 442 262,63	11,73 %
Prinsippendr, som påverkar arbeidskap. invest.			0,00	
Prinsippendr. som påverkar arbeidskapitalen drift	1 951 787,00	1 951 787,00	0,00	0,00 %
Meirforbruk i driftsrekneskapen			0,00	
Udekka beløp i investeringsrekneskapen			0,00	
Kapitalkonto	-102 323 044,60	-103 882 204,79	1 559 160,19	-1,50 %
SUM EIGENKAPITAL	-191 074 893,00	-186 400 035,94	-4 674 857,06	2,51 %

Kommentar:

Tabellen syner utviklinga frå 2023 til 2024. Disposisjonsfondet har auka med over 6,4 mill. til om lag 61,4 mill. og består av følgjande fond per 31.12.24:

Fond	Saldo
Disposisjonsfond	-19 664 372,00
Bygdebokfond	-522 394,33
DFV Fond	-1 000 000,00
Flyktingefond	-9 561 018,71
Rentefond	-1 000 000,00
Bygland oppvekstsenter	-50 800,00
Premiefond Pensjon	-17 898 734,11
Flyktingefond (Ukraina)	-8 265 048,04
Meirforbruk/mindreforbruk	-2 737 789,41
Fond til næringsfremmende formål (restmidlar frå næringsprosjektet Setesdal Vekst)	-683 062,77
Sum disposisjonsfond	-61 383 219,37

Som nemnt i avsnittet over, vil premiefondet kunne brukast i dei åra kor nettoeffekten av premieavvika er negativ. Her må det rett nok nemnast at netto premieavvik til utgiftsføring i kommande år utgjer om lag kr 31,7 millionar, så premiefondet er i så måte for lite til å dekkje kommande utgifter knytte til amortisering av premieavvik. Kommunen har all langsiktig gjeld med flytande rente, då dette i mange år var det mest gunstige. Rentefondet er i så måte ein «buffer» i fall renta skulle auke uventa mykje eit år det ikkje er dekning for det i det ordinære driftsbudsjettet. Ein vil vurdere om fastrente kan vere eit alternativ på deler av låneporteføljen, men skal fastrente lønne seg må ein gjerne be om tilbod i forkant av ei renteauke i marknaden. No har renteauka allereie skjedd, og det er difor lite truleg at ein vil få gode tilbod her. *Bundne* fond er redusert med om lag kr 647.000 sidan 2023. Største delen av reduksjonen gjeld bruk av restmidlar frå 2023 til finansiering av Bygg Bygland i 2024. Bundne fond er spesifisert i note 10 i rekneskapsoversikta.

1.7 KOSTRA: Finansielle nøkkeltal, analyse og prognose

1.7.1 Ein kort analyse av dei finansielle nøkkeltala

Som forlenging av rekneskapskommentarane ovanfor, vil ein i dette delkapitlet vise dei finansielle nøkkeltala frå KOSTRA for 2024. Merk at dette er ureviderte tal per 17.03.25. Ein har valt å samanlikne kommunen med gjennomsnittet for KOSTRA kommunegruppe 14, som inkluderer kommunar med 600 til 1999 innbyggjarar og låge eller middels frie disponible inntekter per innbyggjar. Ein har i tillegg valt å samanlikne kommunen med kommunane Åmli og Hægebostad, som er dei andre Agder-kommunane, i tillegg til Bygland, som høyrer til i KOSTRA-gruppe 14, og som har rapportert rekneskapen innan fristen.

	Åmli	Bygland	Hæge- bostad	Kostragr. 14
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter (%)	2,5	4,7	3,7	3,5
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter (%)	41,8	38,5	17,5	24,0
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (%)	16,7	-6,8	29,4	20,4
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktingar i % av brutto driftsinntekter (%)	80,4	61,7	73,0	63,7
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	99 242	96 970	90 077	91 808
Frie eigenkapital drift (= disp. fond) i % av brutto driftsinntekter (%)	23,4	37,6	15,5	17,7
Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter (%)	8,2	3,8	2,5	12,9
Egenfinansiering av investeringene i % av totale brutto investeringar (%)	36,5	16,2	26,7	37,2

Tala er henta frå tabell 12134 («Utvalte nøkkeltal for kommunerekneskap») hos SSB. Netto driftsresultat er det same som rekneskapsmessig mindreforbruk («overskot») *før* fondsdisponeringar. Som ein ser av den økonomiske driftsoversikta i delkapittel 1.1, samt tabellen ovanfor, så er Bygland kommune sitt netto driftsresultat positivt, og høgare enn gjennomsnittet i KOSTRA-gruppa. Bygland sitt gode resultat blei «redda» av ekstrautbyttet frå Å Energi mot slutten av året. Same gjeld for Åmli og Hægebostad.

Noko som bidreg til at netto driftsresultat er kunstig høgt, er nettoinntekta frå premieavvik på nesten 1 mill. Premieavviket på totalt nesten 7 mill. (inntekt) må amortiserast over dei sju neste åra, som vil seie at 1/7 av 6,77 mill., om lag kr 0,97 mill., blir ein årleg kostnad frå og med 2025 til og med 2031. Difor er det anbefala at nettoinntekt knytt til premieavvik bør setjast av til pensjonsfond til dei auka pensjonskostnadane som kjem seinare. I 2024 har ein ikkje funne rom til å setje av nettoinntekta frå premieavvik til fond.

Arbeidskapital ekskl. premieavvik er eit uttrykk for kommunen sin likviditet. Jo høgare tal, dess betre likviditet. Her kan kommunen vise til tal som er vesentleg høgare enn kommunegruppa, men det må presiserast at den bundne delen av næringsfondet (17,8 mill.) og er inkludert i dette talet. Åmli ligg litt høgare enn Bygland, medan Hægebostad sitt måltal er under halvparten av Bygland sitt.

Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter viser i kva for grad kommunen er sårbar mot rentesvingingar. Som ein ser, så er dette talet vesentleg lågare enn både Hægebostad, Åmli og gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 14. At talet er negativt kan ha med korleis SSB reknar inn gjeld på sjølvkostområdet i dette måltalet.

Når det gjeld gjeldsbelastning ser ein at kommunen ligg vesentleg lågare Åmli og Hægebostad, men ikkje så langt under gjennomsnittet for KOSTRA-gruppa. Kommunen ligg og under sitt finansielle måltal på dette området, eit måltal som er i tråd med Statsforvaltaren si anbefaling (75 prosent). Dette måtalet blir berekna ved å dividere langsiktig gjeld på brutto driftsinntekter, så når driftsinntektene stiger betydeleg frå 2022 til 2023, gjer dette og at måtalet vert lågare, sjølv om ikkje kommunen hadde redusert gjelda si. Frå 2022 til 2023 har kommunen riktig nok redusert langsiktig gjeld med 7,5 mill. (kor av 0,3 mill. gjeld startlån). Noko av dette skuldast og investeringsprosjekt som har blitt utsett til 2024.

1.7.2 Utvikling i dei finansielle nøkkeltala 2020-2024

	Bygland				
	2020	2021	2022	2023	2024
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter (%)	1,4	0,9	1,0	9,3	4,7
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter (%)	34,4	34,6	30,1	30,3	38,5
Netto renteesponering i prosent av brutto driftsinntekter (%)	14,7	12,9	8,1	-4,6	-6,8
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktingar i % av brutto driftsinntekter (%)	89,9	91,9	78,9	54,0	61,7
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	84764	88510	91758	89743	96970
Fri eigenkapital drift (= disp. fond) i % av brutto driftsinntekter (%)	23,8	22,6	21,0	23,2	37,6
Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter (%)	15,7	4,0	3,6	4,4	3,8
Eigenfinansiering av investeringane i % av totale brutto investeringar (%)	11,6	48,7	11,8	81,2	16,2

I 2024 gjekk måtalet for likviditet – arbeidskapitalen – opp, delvis grunna reduksjon i brutto driftsinntekter, sidan måtalet blir målt i forhold til nivået på brutto driftsinntekter, og delvis grunna reell auke i likviditeten. Likvide midlar har auka med nesten 13,5 mill. frå 2023 til 2024. Frie inntekter (skatt og rammetilskot) har for det meste auka i samsvar med nivået på deflator i perioden 2020-2022. Stabilt innbyggjartal i den perioden var i stor grad årsaka til det. Innbyggjartalet i 2023 gjekk kraftig opp, primært grunna flyktningar frå Ukraina, noko som gjorde at frie inntekter per innbyggjar blei, relativt sett, lågare enn i 2022, sidan i 2023 var det fleire innbyggjarar å dele inntekta på, som gir lågare inntekt per «hovud». Det er ikkje dermed sagt at kommunen sine samla frie inntekter gjekk ned i same grad. Sanninga er snarare at kommunen får relativt høg vekst i frie inntekter når innbyggjartalet gjeng opp. Frå 2023 til 2024 er innbyggjartalet redusert betydeleg, så då blir frie inntekter per innbyggjar betydeleg høgare enn i 2023.

Nivået på langsiktig gjeld frå 2020 til 2024 kan sjåast i direkte samanheng med endringane i brutto investeringsutgifter, og nivået på brutto driftsinntekter. Høge brutto investeringsutgifter gjer at dette talet aukar, medan høge brutto driftsinntekter gjer at dette talet minkar. Talet i 2024 er ikkje fullt så høgt som i prognosane i økonomiplanen for 2024-2027, men dette er fordi faktiske brutto driftsinntekter alltid blir høgare enn budsjettert sidan ein ikkje budsjetterer med inntekter frå fráværerefusjonar. Det kan og leggjast til at hovudårsaka til at måtalet på langsiktig gjeld har gått ned, er fordi inntektene har gått opp. Om kommunen hadde hatt same inntekt i 2024 som i 2022, hadde måtalet for langsiktig gjeld vore nærmare 75 prosent. Det er uvisst om det høge inntektsnivået vil vare, og med stadig stigande renter er det uansett ingen ulempe å halde langsiktig gjeld godt under måtalet på 75 prosent. Dette vil og gi meir kapasitet til investeringar i framtida, om det skulle melde seg behov ein ikkje ser per dags dato.

Endring i nivået på disposisjonsfondet har primært samanheng med kommunen sitt økonomiske resultat det aktuelle året, og til dels om det er avsett store integreringstilskot til flyktningefondet, og om det har vore ekspansiv bruk av øymerka disposisjonsfond (bygdebokfond, flyktningefond mv.). For talet «fri eigenkapital i prosent av brutto driftsinntekter» har kommunestyret vedteke eit måltal på 15 %, som blei gjeldande frå og med 2020. Ein ser no at kommunen ligg vesentleg over dette måtalet, men ein stor del av disposisjonsfondet er øymerka til diverse formål, t.d. flyktningar (18 mill.), auka pensjonsutgifter i framtida (18 mill.) og bygdebokskriving (0,5 mill.), for å nemne noko.

Variasjonen i kommunen si eigenfinansiering av investeringar skuldast mellom anna variasjonar i investeringstilskot, som per definisjon inngår som eigenfinansiering. Dette kan for eksempel vere spelemidlar. Kommunen har ikkje lagt opp til ein bestemt finansieringsstrategi når det gjeld eigenfinansiering av investeringar, men i samband med at kommunen hadde ekstraordinært

høge inntekter i 2023, blei det budsjettert med overføring av midlar frå drift til investering, som gjer at dette målalet er betydeleg høgare i 2023 enn andre år.

1.7.3 Utvikling i utvalte finansielle nøkkeltal 2024-2028 (prognose)

I dette avsnittet har ein valt å fokusere på utviklinga frå 2024 til 2028 i dei finansielle måltala som kommunestyret vedtok i saksnummer 105/2019 den 11.12.2019:

- ❑ Måltal for disposisjonsfond vert sett til minimum 15 % av driftsinntektene.
- ❑ Måltal for langsiktig gjeld vert sett til maksimum 75 % av driftsinntektene.
- ❑ Dei årlege driftsbudsjetta skal leggjast fram i balanse utan bruk av ordinært disposisjonsfond.

I dette delkapitlet har ein brukt prognosane i økonomiplanen for 2025-2028 som utgangspunkt. Det må presiserast at tala frå 2025 til 2028 er særst usikre, og dess lengre ut i perioden ein kjem, dess meir usikre er prognosane. Tala for 2024 til 2028 er som følgjer:

	2024	2025	2026	2027	2028
Bruk av (-) eller avsetning til (+) ordinært disposisjonsfond (i 1000 kr) -- måltal = 0<	2737	0	-3322	-3584	-3811
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter (%) -- måltal = 75	69	75	76	76	75
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter (%) -- måltal = 15	30	31	32	33	32

Grønt indikerer at målalet er nådd og vel så det, medan gult indikerer at kommunen er i nærleiken av målalet, men det er ikkje heilt innfridd. Raudt indikerer at målalet ikkje er nådd, og at kommunen er langt unna det. I årsmeldinga for 2023 kunne kommune vise til berre grønne tal i denne tabellen. Etter ei kraftig utgiftsauke frå 2023 til 2024, og ytterlegare auke i 2025, samt reduksjon i inntektene, blir tala for ordinært disposisjonsfond blir raude frå og med 2026.

Disposisjonsfondet (frie midlar) held seg stabilt i perioden. Dette har først og fremst samanheng med reduksjon i brutto driftsinntekter som gjer at disposisjonsfondet er høgare, relativt sett, samanlikna med brutto driftsinntekter. Noko av auka skuldast og integreringstilskot.

1.8 Det kommunale næringsfond

Som det følgjer av § 6 i kommunen sine nyleg oppdaterte næringsfondsvedtekter, skal det leggjast fram ei melding om næringsfondet si verksemd for kommunestyret kvart år, som ein integrert del av kommunen si årsmelding.

Kommunen sitt næringsfond består av ein grunnkapital på kr 17.780.000 som må stå urørt:

Konsesjon	Beløp
Otteraaens Brugseierforening	1.000.000
Sira-Kvina (Sira-Kvina Kraftselskap)	30.000
Hekni kraftverk (Agder Energi AS)	1.000.000
Overføring av deler av Heisvassdraget til Hovatn (Otteraaens Brugseierforening)	500.000
Byglandsfjordkonsesjonen	15.250.000
Samla fondskapital	17.780.000

Disponeringa av næringsfondet i 2024 følgjer av tabell på neste side.

Talet nesten nedst i tabellen (kr 687.373) viser netto *avsetning* av næringsfondet i 2024, dvs. inntekter til næringsfondet (renteinntekter og konsesjonsavgifter) trekt frå kostnader knytte til bruk av næringsfondet. Dette aukar den ubundne kapitalen av fondet med kr 687.373 i løpet av 2024.

Den samla bruken av fondet er heilt i samsvar med budsjett. Dei feilbudsjetteringar som vore, kor kostnadane har blitt høgare enn budsjettert, har blitt kompensert av at bruken har vore lågare på andre område. Reiseliv gjeld drift av turistinformasjonen i 2024. Tilskot Bjoren, normalt ein utgift, er i 2024 ein inntekt grunna tilskot frå SIPR til dekking av underskot for tidlegare år.


Disponering næringsfond	Rekneskap	Opphavelag budsjett	Regulert budsjett
Saldo pr 01.01.24	19 026 028		
Årets tilgang:			
Konsesjonskraftavgift	3 796 337	3 200 000	3 400 000
Renteinntekter	931 035	500 000	500 000
Sum tilgang	4 727 372	3 700 000	3 900 000
Årets bruk:			
Setesdal Regionråd	1 300 000	1 300 000	1 300 000
Avdrag på gjeld	517 861	365 000	-
Reiseliv (turistinformasjon)	110 000	95 000	95 000
Landbrukstilskot	1 092 385	810 000	1 655 000
Reguleringsplan/moglegheitsstudium B.fjord	273 680	500 000	500 000
Tilskot Bygland Sikringsradiolag	-	10 000	10 000
Tilskot Norsk Landbruksrådgiving Setesdal	30 000	30 000	30 000
Omstillingsprogram - Bygg Bygland	500 000	500 000	500 000
Lønnsandel næringsansvarleg	-	230 000	-
Tilskot Bjoren	-55 000	200 000	-50 000
Næringstilskot: Utbetring av drivstoffpumpa i Grendi	35 000	-	-
Næringstilskot: Lokalmat Setesdal	30 000	-	-
Næringstilskot: Bygland bryggeri	118 600	-	-
Næringstilskot: Oppgradering av Coop Ose	87 474	-	-
Sum bruk	4 040 000	4 040 000	4 040 000
Investering	-	-	-
Netto bruk/avsetning	687 373	-340 000	-140 000
Saldo pr 31.12.24	19 713 401		
Bunden kapital	17 780 000		
Ubunden kapital pr 31.12.24	1 933 401		

1.9 Organisering, likestilling og personale

Organisering og overordna mål

Organisasjonskart:

Dette er organisasjonskartet per 31.12.24.



Frå 01.04.2024 er organisering tre-nivå med følgende kommunalområder:

- Samfunn
- Oppvekst
- Helse og omsorg
- Økonomi og administrasjon
- Organisasjon og HR

Aktivitet og mål er forankra i vedteken kommuneplan, og går fram av vedteke budsjett/ økonomiplan.

Slagordet for Bygland er

“Med hjarta i Bygland”

Sjukefråvær

Sjukefråveret i 2024 har vore på 10,6 % gjennomsnittleg for heile kommunen, I 2022 og 2023 var dette talet høvesvis 10,66 % og 8,97 %. Einingane med flest tilsette, dvs. Helse og omsorg og oppvekstsektoren, har eit høgt fråver.

Forhandlingar

I 2024 var det lokale forhandlingar heimla i HTA kap. 3.4 og 5,.1 samt det vart avsatt ein pott til lokale forhandlingar i HTA kap. 4.2.1 Det blei ikkje brot i forhandlingane.

Likestilling, diskriminering og mangfald

Bygland kommune ønskjer at kommunens tilsetja skal spegla samansetninga til befolkninga. Det er ikkje sett i verk særskilte tiltak utanom det som alt fins i personalhandboka.

Alle arbeidsgivarar har ei lovpålagd plikt til å jobba aktivt, målretta og planmessig for å fremja likestilling og hindra diskriminering. Det er eit krav om og kartleggja lønnsforhold fordelt etter kjønn og bruken av ufrivillig deltidsarbeid.

Bygland kommune har p.t. ikkje oppfylt si aktivitetsplikt. Dette er mellomanna pga. litt stort arbeidspress og lite ressursar.

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I leiande stillingar der eit av kjønna er underrepresentert vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønnnet som er underrepresentert dersom søkjarane elles står kvalifikasjonsmessig likt.

Kjønnsfordeling i leiargruppa per 31.12.24

- Ny kommunalsjef for oppvekst vart tilsettoppvekst slutta per. 01.08.2024. Det betyr at toppleiargruppa består av 5 kommunalsjefar, der ein kommunalsjef for Samfunn, er konstituert Kommunedirektør.
- Det blei konstituert 4 leiare høvesvis for Bygland skule, Bygland barnehage, Byglandsfjord skule og Byglandsfjord barnehage frå november 2023. Desse blei fast tilsett per 01.08.2024.
- 3 avdelingsleiarar i Helse og omsorg, vart konvertert frå HTA kap. 4 til kap 3.4.3.

	% kvinner	% menn
Totalt	25 (50 inkl. konstituerte leiarar)	75 (50 inkl. konstituerte leiarar)

Generelle tiltak

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I stillingsgrupper som er underrepresentert av eit kjønn vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønnnet som er underrepresentert dersom søkjarane elles står kvalifikasjonsmessig likt.
- At flest mogeleg som ynskjer det skal få utvida stillingane sine til 100% stilling.
- Kartlegge dei tilsette sine interesser for auke stillingsbrøken sin til 100%. (også på tvers av einingane).
- Når stillingar skal lysas ut, forsøk i størst mogleg grad å lyse dei ut som heile stillingar.
- Vurdere om turnus eller arbeidstidsordning kan reorganisast med enkle grep for å auke talet på heile stillingar.

Medarbeidarundersøking 2023

For Bygland kommune er kvar enkelt medarbeidar avgjerande for at me skal nå våre mål. Som ledd i utviklinga av medarbeidarane og verksemda samla sett, ønskjer me å arbeida systematisk med betringar. Vi ønsket difor å betra innsikta i kor me stod, og bli vurdert i forhold til andre gode verksemdar.

Hausten 2023 sette kommunedirektøren i verk medarbeidarundersøkinga “Great Place To Work” i samarbeid med BHT (bedriftshelsetenesta) – Medco. Medarbeidarundersøkinga vart forankra med dei tillitsvalde den 12.06.23 og AMU den 21.06.23, og dessutan at det vart gjennomført ein forankringsprosess hos alle leiarar.

Undersøkinga tilgjengeleg den 11. september 2023, og fram til 25. september 2023. I etterkant av undersøkinga vart resultatet framlagd for tillitsvalde, verneombod og leiarar. Videre blei kvar enkelt leiar beda om å gjennomgå undersøkinga for alle tilsetja og setja opp tiltak basert på dei funn som kom frami undersøkinga.

Tiltaksplan for kvar enkelt tenestoområde, og dessutan ein overordna tiltaksplan blei utarbeida i løpet av 2024. Medarbeidarundersøkingane er annakvart år, og neste undersøking er hausten 2025.


Undersøkinga:

- Totalt 149 medarbeidarar i Bygland Kommune fekk invitasjon til å delta i undersøkinga i
- 91 medarbeidarar svarte på undersøkinga
- 61% svargrad

60 påstandar som måler grada av Tillit (truverd, respekt og rettferd), stolthet og fellesskap på arbeidsplassen

Resultat:

Gjennomsnitt alle påstander og «Alt tatt i betraktning»



1.10 Interkommunale samarbeid

Kommunen deltek i eit utvida omfang av interkommunale samarbeid. Sjå oversikt under, kor ein viser hovudpunkta. Bygland er ikkje vertskommune for IKS og følgjeleg rapporterer ikkje kommunerekneskapen for nokon av desse. For dei §27-samarbeida som kommunen er vertskommune for, syner ein til note 15 i rekneskapen. Nota er lagt inn under oversikta over interkommunale samarbeid. Her finn ein utfyllande oversikt og rekneskapsinformasjon for kvart samarbeid som Bygland er vertskommune for.

	Type verksemd	Type eining	Kontor-/vertskommune
Agder kommunerevisjon IKS	Revisjon	IKS	Kristiansand
Setpro AS	Arbeidsopplæring og tilrettelegging	AS	Evje og Hornnes
Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS	Renovasjon	IKS	Evje og Hornnes
Setesdal Brannvesen IKS	Brannvern og brannberedskap	IKS	Evje og Hornnes
Konsesjonskraft IKS	Distribusj. og handel med elektrisitet	IKS	Valle
Agder Sekretariat (§ 27)	Sekretær kontrollutval	Usjølvstendig § 27-samarbeid	Kvinesdal
Aust Agder museum og arkiv IKS	Museumsdrift	IKS	Arendal
IKT Agder	IKT	IKS	Arendal
Setesdalmuseet Eigedom IKS	Eigar av museumseigedom	IKS	Valle
Setesdal interkommunalt politiske råd	Regionråd	Sjølvstendig § 18-1-samarbeid	Valle
Byglandstunet AS	Eigedomsforvaltning	AS	Bygland
Syrtveit Næringsområde AS	Eigedomsforvaltning	AS	Evje og Hornnes
Verd Investering AS	Næringsutvikling	AS	Arendal
Etablerersenteret IKS	Næringsutvikling	IKS	Kristiansand
OFA IKS	Offentlig anskaffing	IKS	Kristiansand
IUA Midt-Agder	Beredskap mot forureining	Usjølvstendig § 27-samarbeid	Kristiansand
NAV Midt-Agder	NAV	Vertskommunesamarbeid	Vennesla
Setesdal barnevern	Barnevern	Vertskommunesamarbeid	Valle
Setesdal PPT	PPT	Vertskommunesamarbeid	Valle
Jordmor	Jordmor	Vertskommunesamarbeid	Bygland
LMT	Lokalmedisinske tenester	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Legeteneste inkl. legevakt og KØH	Legekontor, legevakt, KØH	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Sekretariat, vassdragsstyret i Ø. Otra	Vassdragsstyre	Vertskommunesamarbeid	Bygland
Vassdragskoordinator Otra	Vassdragsforvaltning	Vertskommunesamarbeid	Bygland
Veterinærteneste	Veterinærteneste	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Veterinærvakt	Veterinærvakt	Vertskommunesamarbeid	Valle og E&H
Kulturskule	Kulturskule	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Agder (Øst)	Helse- og omsorgsteneste	Vertskommunesamarbeid	Grimstad
Skogbrukstenester	Skogbruk	Sal av teneste	Bygland
Krisesentertjenester	Krisesenter	Sal av teneste	Kristiansand
Gjesteelevar	Oppvekst	Sal av teneste	Bygland
Driftsassistanse i Aust-Agder SA	Vassverk og avløpsanlegg	Sal av teneste	Seljord

Jordmor

Bygland kommune er vertskommune for jordmorsamarbeid mellom Evje og Hornnes kommune og Bygland kommune.

Vassdragsstyre øvre Otra

Vassdragsstyret for øvre Otra er eit organ som har til føremål å arbeide for samarbeid, fleirbruk og berekraftig forvaltning av øvre Otra. Bygland kommune er vertskommune for dette organet og kommunen sin fiske- og vassdragsrådgjevar (fiskebiolog) er sekretær.

Vassområdekoordinator for Otra

For å sikre at arbeidet i Otra vassområdet blir opp følgd i tråd med vassforskrifta vart det inngått ein samarbeidsavtale om tilsetning av ein felles vassområdekoordinator for vassområdet. Samarbeidet blir òg oppretta i tråd med nasjonale føringar der det blir anbefalt tilsetning av felles vassområdekoordinator. Det er sett av 1 mill. årleg til denne stillinga, kor sju kommunar dekkjer totalt 39 %, medan fylkeskommunen dekkjer 61 %.

Skogbrukstenester

Det er felles skogbrukssjef for Bygland, Valle og Bykle kommunar i 100 % stilling, kor Bygland er kontorstad for stillinga. Frå 01.05.23 fram til september 2024 har denne stillinga også fungert for Åseral kommune.

1.11 Etisk standard og internkontroll

1.11.1 Generelt

Bygland kommune nyttar kvalitetssikringssystemet Compilo for å ta hand om internkontrollen. Her blir avvik registrert når dei oppstår og systemet syter for ei sikker oppfølging av desse avvika. Kommunen jobbar kontinuerleg med å overhalde lover og forskrifter, og avvik vert registrert og følgd opp.

Det er fleire forhold dei ulike einingane må ta omsyn til i den daglege drifta med tanke på etikk. Det gjeld ordinære lover og forskrifter. Oppvekst har eigne mobbeplanar og utdanningsforbundet har ein eigen etisk plattform som bind medlemmane. Innanfor Helse og omsorg blir det kvar veke tatt stikkprøver for sikre gode tilgangs-rutinar til pasientjournalane. 2 tilfeldige tilsette sjekkar i forhold til oppslag i pasientjournalane.

Når det gjeld innkjøp er fleire personar involvert i innkjøpsprosessane og fakturabehandlingane for å ivareta internkontrollen. Kommunen er med i felles innkjøpsordning gjennom OFA (offentlige anskaffelser Agder) for å trygge innkjøpsprosessen og oppnå gunstige prisar. Dei som har tilgang til bankkontoane har ikkje høve til å tilvise bilag til utbetaling, dette for å sikre internkontrollen. I tillegg blir alle bilag attestert og tilvist av ulike personar. Bankkontoane blir avstemde kvar månad, og avstemminga blir kontrollert av overordna. Kommunen vedtok sitt første innkjøpsreglement i september 2021.

Ein syner òg til personalhandboka, kor mellom anna leiarverdiane i kommunen som legg føringar for leiarane i høve etikk og kontroll er omtala. Kommunen sitt økonomireglement er i utgangspunktet utdatert, men det er framleis fleire av føringane i reglementet som er like relevante no som då reglementet blei skrive, mellom anna knytte til økonomirapporteringar (tertialrapportar) og innkjøp (anvisning og attestasjon mv.). Ein tek sikte på å oppdatere reglementet seinast innan 2025.

Kommunen har også eit etikkreglement (vedteke i 2019), som er retta mot tilsette og folkevalde, som inkluderer m.a. tema som profesjonalitet (ærlegdom, likehandsaming, lojalitet, omdøme, teieplikt mv.), openheit og dialog, interessekonflikter (habilitet), gåver/representasjon, pengar og egedelar, innkjøp, arbeidsmiljø og varsling. Etikkreglementet finst og som samandrag i «plakat-format» som vert hengt opp synleg i kommunen sine einingar/avdelingar. Kommunen har i tillegg eigne retningslinjer for habilitet for å førebygge at det vert gjort transaksjonar mellom nærståande parter. Retningslinjene er retta mot, og ansvarleggjer, tilsette og folkevalde i kommunen med omsyn til habilitetsreglane i forvaltningslova. På generelt grunnlag, så arbeider kommunen kontinuerleg for å oppnå så høg grad av internkontroll og etisk standard som mogleg.


1.11.2 Tilsyn i løpet av året

Tilsyn frå Arbeidstilsynet på Bygland skule

15.10.24 blei det sett i gong tilsyn på Bygland skule. Arbeidstilsynet utfører tilsynet, som består av følgjande hovudtema:

- ❑ Korleis skulen kartlegg og vurderer risiko for muskel- og skjelettplager og/eller psykiske plager
- ❑ Handlingsplanar med tiltak som reduserer risikoen for slike plager
- ❑ Rutinar for å melde og handtere HMS-avvik
- ❑ Korleis skulen sikrar medverknad frå arbeidstakarane
- ❑ Korleis skulen bruker bedriftshelsetenesta aktivt og førebyggjande

Tilsynsrapport er datert 02.12.24, men svarfristen for tilsynet var ikkje før 14.02.25, så dette tilsynet vil bli omtalt ytterlegare i årsmeldinga for 2025.



1.12 Befolkningsutvikling

1.12.1 Folketal etter grunnkrets for åra 2000 og 2016-2025

Grunnkrets	2000	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Byglandsfjord	390	395	393	404	396	385	379	368	365	390	371
Grendi	179	122	126	115	114	109	100	107	106	119	119
Årdal Vestside	14	15	15	15	16	14	13	13	13	14	14
Longerak	51	45	39	43	43	42	42	41	40	40	40
Lauvdal	39	36	35	32	32	30	30	31	27	26	27
Bygland	287	266	267	274	280	273	269	260	271	282	278
Bygland Vestside	1	5	5	5	5	5	3	3	3	3	3
Jordalsbø/Lidi	98	80	87	88	84	79	81	82	81	80	86
Skomedal	24	25	24	24	22	22	23	20	19	16	16
Frøysnes	13	10	10	9	7	7	7	8	9	9	9
Sandnes/Åraksbø	87	73	75	76	68	70	73	73	80	81	82
Austad Austside	80	62	65	63	64	70	69	72	73	70	71
Ose/Moi	32	24	20	23	24	23	22	26	26	25	22
Langeid/Heggland/Tveit	39	33	28	35	35	30	28	27	22	25	24
Ose/Moiheia	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.
Langeid/Heggland/Tveitheiene	.	1	9	.	.	.	.	.	.	.	.
Austad Austhei	1	5	.	.	.	.	.	.	.	.	.
Uoppgeve grunnkrets	16	7	2	1	2	3	3	3	1	.	.
Totalt:	1351	1204	1200	1207	1192	1162	1142	1134	1136	1180	1162

Tala er henta frå tabell 04317 hos SSB (befolkning etter grunnkrets). Tabellen viser innbyggjartala per grunnkrets per 1.1 i dei respektive åra. År 2000 er teke med for å vise utviklinga over lengre tid. Frå 2019 til 2022 er det ein dramatisk nedgang. Frå 2022 til 2024 er det ei auke på 56 innbyggjarar, kor av 48 av desse er flyktningar frå Ukraina.

1.12.2 Befolkningsprofil

Befolkningsprofil Bygland 2020-2024:

	2020	2021	2022	2023	2024
Innbyggjarar (antall)	1142	1134	1136	1180	1162
Fødde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	6,1	6,2	4,4	7,6	6,0
Døde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	13,1	15	21,2	9,3	16,4
Netto innflytting (antall)	-12	2	23	46	-6
Andel einslege innbyggjarar 80 år og over (prosent)	11,5	11,6	32	58,5	58,2
Andel uføretrygda 18-66 år	19,2	19,0	18,6	19,7	..

Tal per 31.12.24, henta frå tabell 11820, «Utvalte nøkkeltal befolkningsprofil», hos SSB. I 2021 og 2022 hadde Bygland kommune flest døde og færrest fødde per 1000 innbyggjarar blant kommunane i Agder. I 2023 auka dette talet på fødde per 1000 innbyggjarar til 7,6, men det var likevel berre fire kommunar i Agder som hadde eit lågare tal enn Bygland på dette området. I 2024 var dette talet 6,0, nest lågast etter Valle kommune. Valle hadde til gjengjeld det høgaste talet i Agder (14,1) i 2023. Høgast i Agder i 2024 er Lyngdal på 12,8, med Evje og Hornnes og Iveland på delt andreplass (10,7).

Når det gjeld talet på døde per 1000 innbyggjarar har Bygland det soleklart høgaste talet i Agder i 2024 med 16,4. Hægebostad er nummer to på 12,9 og Valle ligg på 12,4. Bykle har færrest døde per 1000 innbyggjarar med 5,8.

Befolkningsprofil Bygland samanlikna med andre kommunar 2024:

	Åmli	Iveland	Bygland	Valle	Bykle	Åseral	Hægebostad
Innbyggjarar (antall)	1778	1399	1162	1205	1039	915	1786
Fødde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	6,2	10,7	6,0	5,0	8,7	6,6	9,0
Døde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	9,6	6,4	16,4	12,4	5,8	8,7	12,9
Netto innflytting (antall)	-18	13	-6	8	26	-10	17
Andel einslege innbyggjarar 80 år og over (prosent)	64,5	63,3	58,2	57,9	75,6	65,3	64,9

Tal per 31.12.24. Bygland har tok imot 32 flyktningar frå Ukraina i 2023 (16 i 2022). I 2024 var dette talet null. Det er likevel verdt å merke seg at desse er inkludert i «netto innflytting» og difor kan ha stor påverknad på kommunane sine tal på dette området.

1.13 KOSTRA: Andre nøkkeltal

I dette delkapitlet viser ein KOSTRA-tala for dei største einingane i kommunen; oppvekst, helse og pleie og omsorg. Totalt utgjer desse einingane om lag 70 prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter. Det er viktig å merke seg at desse tala *kan* innehalde rapporteringsfeil. Elles så skal ein og vere forsiktig med å leggje for mykje vekt på å samanlikne tala mellom ulike kommunar direkte, då f.eks. demografi kan ha mykje å seie for korleis ein kommune vel å prioritere. For små kommunar kan og mindre endringar i antal utgjere store utslag på statistikkane frå år til år.

1.13.1 Nøkkeltal oppvekstsektoren

I dette avsnittet har ein inkludert nøkkeltal for barnehage (øvrste del av tabellen under), skule (midtrelle del) og barnevern (nedste del).

	Åmli	Iveland	Bygland	Hægebostad	Kostragr. 14
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggjarar 1-5 år (%)	94,0	75,3	88,9	83,8	91,1
Andel barnehagelærarar i forhold til grunnbemanning (%)	44,5	52,3	48,3	47,3	39,9
Netto driftsutgifter barnehagar i % av kommunens totale netto driftsutgifter	10,5	..	7,5	10,8	10,0
Netto driftsutgifter barnehagar, per innbyggjar 1-5 år (kr)	259 506	..	244 511	215 717	243 719
Årstimar til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring	45,2	39,6	166,3	56,9	50,3
Årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	114,9	119,1	109,3	114,0	172,9
Elever i kommunale og private grunnskolar som får særskilt norskoppl. (%)	5,8	9,2	4,8	3,9	7,8
Elever i kommunale og private grunnskolar som får spesialundervisning (%)	16,0	10,8	9,5	8,8	9,9
Gjennomsnittleg grunnskolepoeng (antall)	38,2	41,7	:	42,7	42,4
Netto driftsutgifter grunnskolesektor i % av samla netto driftsutgifter (%)	20,2	..	25,4	24,9	22,4
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor per innbyggjar 6-15 år (kr)	202 350	..	304 639	201 404	225 117
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år (%)	3,0	3,8	8,8	1,7	4,1
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år (%)	3,6	3,2	8,2	1,0	4,0
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-24 år (kr)	14 716	..	26 679	6 869	13 776
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-24 år (%)	3,9	2,5	8,7	0,7	3,3

Tala er henta frå tabellane 13502 (barnehage), 12255 (grunnskule) og 12280 (barnevern) hos SSB. Når ein samanliknar med gjennomsnittet for kommunegruppa, ser ein at Bygland ligg vesentleg over når det gjeld netto driftsutgifter per innbyggjar til både barnehage, grunnskule og barnevern, og også høgast blant kommunane i Agder som høyrer til kommunegruppe 14.

1.13.2 Nøkkeltal helse- og omsorgstenester

	Åmli	Iveland	Bygland	Hægebostad	Kostra- gr. 14
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbyggjar (kr)	65391	..	55438	50990	51889
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggjar (årsverk)	511,2	280,2	493,1	467,5	474,4
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i % av kommunens samla netto driftsutgifter	36,1	..	35,5	32,7	31,2
Andel innbyggjarar 80 år og over som bruker heimetenester (prosent)	46,4	38,8	32,7	27,8	32,3
Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på sjukeheim (prosent)	8,2	..	14,5	13,4	11,7
Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta i % av kommunens samla netto driftsutg.	6,2	..	4,9	7,1	8,0
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggjarar (årsverk)	16,9	12,2	6,9	11,2	12,7
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggjarar (årsverk)	72,5	67,4	142,1	122,2	69,9
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta per 10 000 innb. 0-20 år	65391	..	55438	50990	51889

Kommunen har litt høgare driftsutgifter per innbyggjar enn kommunegruppa, men lågare enn Åmli. Når det gjeld årsverk, så ligg kommunen over kommunegruppa når det gjeld helse og omsorg og helsestasjons- og skulehelsetenesta, men når det gjeld sistnemnte vert deler av årsverka finansiert av eit statleg tilskot. Fysioterapeutårsverk ligg kunstig lågt fordi kommunen kjøper fysioterapitenesta eksternt. Elles viser ein til tala i tabellen.

